



# Kulturminneplan

---

*Fitjar kommune, høyringsutkast*

2015 - 2025

Innhald	
1 INNLEIING OG BAKGRUNN FOR PLANEN.....	3
2 TILTAK .....	5
3 HISTORISK TEMADEL.....	7
FITJAR SI HISTORIE MED UTVIKLINGSTREKK.....	7
FREDA KULTURMINNE.....	8
LANDBRUK OG KULTURLANDSKAP .....	9
KULTURMINNE FRÅ SKULEHISTORIA.....	12
KULTURMINNE FRÅ FISKE OG SJØBRUK .....	13
KULTURMINNE FRÅ SAMFERDSLE .....	14
KULTURMINNE FRÅ FORSVARSHISTORIA.....	16
KULTURMINNE FRÅ HANDELSVERKSEMD .....	17
KULTURMINNE FRÅ INDUSTRI.....	19
KULTURMINNE FRÅ TRU OG KRISTENLIV .....	22
KULTURMINNE DET KNYTER SEG SEGNER OG SÆRKILDE TRADISJONAR TIL ..	24
DEL 4 UTVAL AV KULTURMINNE GEOGRAFISK INNDELT.....	24
OMRÅDE ØYANE .....	26
OMRÅDE ØVRABYGDA .....	35
OMRÅDE DÅFJORDEN.....	39
OMRÅDE NESBØ – RYDLAND .....	41
OMRÅDE VESTBØSTAD - KALVEID.....	48
OMRÅDE SENTRUM.....	50
OMRÅDE BREIVIKJO - ÅRSKOG .....	53
OMRÅDE OSTERNESET .....	55
OMRÅDE STRANDO.....	60
5 ANDRE KULTURMINNE .....	69
6 GENERELL INFORMASJON .....	70
7 OVERSIKT OVER KULTURMINNE MED KLASSIFISERING.....	73
KULTURELL VERDIVURDERING AV KULTURMINNE KATEGORI A-D .....	73
REGISTRERINGAR .....	74
VEDLEGG.....	74

# KULTURMINNEPLAN FOR FITJAR KOMMUNE 2015-2025

*«Kulturarven er vegvisaren på vegen mot ei ukjend framtid og referansepunktet til fortida. Utan slike rettesnorer blir samfunnet svekka og smuldrar opp.»  
Wangari Maathai, vinnar av Nobels fredspris 2004.*

## DEL 1 INNLEIING OG BAKGRUNN FOR PLANEN

Fitjar kommune har ein rik kulturarv som er til å vere stolt av. Dei mange kulturminna som finst er med på å gje bygda identitet og eit unikt særpreg. For å ivareta kulturminna på best mogleg måte i ei tid med mange nye tiltak, er det viktig ha detaljert oversikt og ei kulturell verdivurdering av dei einskilde objekta. Ein kan ikkje ta vare på alt, men desto viktigare er det å vere medviten om kva som blir vurdert som viktig eller mindre viktig i denne samanhengen.

### **Kvifor treng Fitjar kommune kulturminneplan?**

Kulturminne og kulturmiljø er ein del av grunnlaget for å forstå oss sjølve og samfunnet. Kunnskapen om desse gjer heimstaden vår spesiell for den enkelte, og unik i ein større samanheng. Å bevare alle spor etter menneske si verksemd er så å seia heilt umogleg. Ein lyt difor gjera eit utval. Det som vert vektlagt som særskilt verneverdig, bør til saman gje eit representativt bilete av menneske sitt liv og verksemd. Det er viktig at kulturminna vert sett på som ein ressurs for vår eiga tid og ein ressurs vi forvaltar på vegne av framtida. Ein må gjere val ut frå kva vi i vår tid vurderer som viktig å ta vare på. Når eit kulturminne er borte, kan ein aldri få det att.

Det er opp til kommunen å avgjere kva som er viktige kulturminne når det gjeld lokal verdi. Utover det kan kulturminne også ha regional eller nasjonal verdi. I nokre tilfelle kan kulturminneverdiane også vere på eit internasjonalt nivå.

### **Formålet med planen**

- Kulturminneplanen skal vera kjelde til kunnskap og oppleving.
- Grunnlag for verdiskaping og utvikling av lokal identitet.
- Kommuneutval og innbyggjarar vil få ei betre oversikt over kva som finst av kulturminne i kommunen.
- Kultur- og skuleetatane kan nytte kulturminna til å skape gode opplevingar og auka kompetanse.
- Vedlikehald.
- Sterkare fokus på kulturminne i høve til turisme.
- Kulturminneplanen skal bidra til å skape eit meir attraktivt lokalsamfunn.
- Planen er meint til å vera eit hjelpemiddel og eit verkty for samarbeid mellom privatpersonar og kommunen.

## **Hovudmålet med kulturminneplanen**

Målet med kulturminneplanen er å auka kunnskapen om lokale kulturminne i Fitjar, og å få eit godt grunnlag for ei heilskapleg framtidig kulturminneforvaltning. I forvaltninga innan areal-, plan-, og byggjesaker vil ein lettare kunne ta omsyn til kulturminneverdiane og gje ei meir effektiv handsaming.

Grunnlag for å nå den målsettinga har ein lagt ved å:

- Gjennomføra ei registrering av faste kulturminne
- Gjennomføre ei kulturell vurdering av dei registrerte objekta.
- Utarbeida ein forvaltningsplan/handlingsplan for lokale kulturminne
- Synleggjere verdien av lokale kulturminne, og auke kunnskapen om korleis dei kan forvaltast, både av det offentlege og det private.

## **Bakgrunn for planen**

Riksantikvaren oppmoda i 2011 alle kommunar i Noreg om å gjennomføra ei registrering av kulturminne . Dei stilte midlar til rådvelde for registreringsarbeidet og tinginga deira var at ein skulle særskild vektlegga kulturmiljø som inneheld fleire bygningar og andre kulturminne.

Fitjar kommune byrja med planlegging av arbeidet på slutten av dette året, og det vart vedteke av kommunestyret i desember 2011 at Fitjar kommune skulle gå i gong med å laga ein kulturminneplan.

Det vart danna ei prosjektgruppe leia av kultursjef som bestod av representantar frå landbrukskontor, plan og byggjesak, kulturkontor, bygningsvernkonsulent frå Hordaland fylkeskommune, samt ein frivillig historieinteressert person som arbeidde med førprosjektet.

Registreringsarbeidet starta hausten 2012. Ein nytta lokalkjende personar med interesse for historie til dette.

Som del av arbeidet er SEFRAK-materialet til Fitjar kommune gjennomgått. Det er merka av i planen der SEFRAK-registrerte kulturminne er fjerna eller bygde om. Ein har òg samarbeidd tett med Sveio kommune i samband med registreringsarbeidet. Ein har hatt jamlege møte om framgangsmåte og arrangert felleskurs og seminar for registratorar frå begge kommunane.

## **Plantype**

Kulturminneplanen skal ha status som kommunedelplan og omfattar kulturminne i heile kommunen med hovudvekt på bygningsmiljø. For å sikre kulturminne og kulturmiljø etter plan- og bygningslova, må desse følgjast opp i reguleringsplanar, og takast med i arealdelen i kommuneplanen.

Kommunane har ansvar for den lokale kulturminneforvaltninga, gjennom handheving av Plan- og bygningslova (Pbl), § 20-1. Planen er juridisk bindande med omsyn til arealbruk.

## **Registrering**

Planen er utarbeidd av representantar frå administrasjonen i Fitjar kommune. 25 frivillige personar med interesse for historie har utført størsteparten av registreringsarbeidet. I Fitjarøyane hadde ein få registratorar. Utfordringa vart løyst ved å sende brev med kart og registrerings skjema til grunneigarane og la dei registrera sjølve. Ein samanlikna så grunneigarane sine opplysingar med SEFRAK-registeret.

## **Medverknad**

Informasjon om planarbeidet vart lyst ut i lokalavisene og på kommunen si heimeside. Grunneigarane vart kontakta og tildelte informasjonsskriv frå kommunen om registreringsarbeidet. Registratorane la vekt på synfaringar og god dialog med grunneigarane, og gav dei mogleik for å bidra til registreringsarbeidet med informasjon om eigedommane sine. På denne måten kunne dei, i tillegg til å vere til hjelp for planarbeidet, verta kjende med prosjektet. I høyringsperioden for planen vil det verta arrangert folkemøte.

## **Avgrensingar**

Kulturminneplanen omfattar faste materielle kulturminne med hovudfokus på bygningsmiljø. Enkeltståande bygningar av særskild interesse vert tekne med som enkeltobjekt.

Andre kulturminne, som til dømes steingardar, rydningsrøyser, veiter og liknande, vert tekne med dersom dei er ein naturleg del av miljøet. Dersom slike kulturminner står åleine, men likevel er av særskild interesse, vert dei tekne med som enkeltobjekt. Ein har registrert kulturminne i hovudsak fram til 1920. SEFRAK-registeret i Fitjar går fram til om lag 1940 og ein har i særskilde tilfelle teke med kulturminne mellom 1920 og 1940.

Stadnamn er registrerte i nokre av områda. Desse er ikkje tekne med i planen men er arkiverte. Tanken er at frivillige kan ta på seg arbeidet med handsaminga ved eit seinare høve. Det er ikkje registrert imaterielle kulturminne, med unntak av faste kulturminne det knyter seg historier og segner til.

## **Organisering**

Planen er delt i sju deler. Det føl med tre vedlegg. Del 1 inneheld innleiing med utgreiingar om bakgrunnen for planen. Del 2 er tiltaks- og forvaltningsplan. Del 3 er delt opp etter tema, som set kulturminna inn i historisk og samfunn perspektiv. I del 4 er kommunen inndelt i åtte geografiske områder der ein viser eit utval kulturminne frå kvart område. Del 5 viser andre kulturminne. Del 6 er generell informasjon om kulturminne. Del 7 er verdivurderingssystem og skjematisk oversikt over alle registrerte kulturminne med verdivurdering. Vedlegg 1 er framlegg til sakshandsamingsrutinar dersom saka råka prioritert kulturminne. I vedlegg 2 finn ein oppslagsverk på definisjonar og omgrep. Vedlegg 3 er føresegner for omsynssone A.

## **Omsynssoner**

Kulturminna som er sett i omsynssone A. Dette gjeld er særst verdifulle og autentiske kulturmiljø eller enkeltobjekt som det er viktig å ta vare på for kommande generasjonar. I enkelte tilfelle er eit miljø klassifisert i ulike kategoriar, ein vil då ta omsyn til heilskapen i miljøet slik at ein tek med dei gjeldande bygningar og kulturminne som står samanheng med dei aktuelle A-objekta. Viser til føresegner i vedlegg 3 for omsynssone A som fortel kva dette inneber.

## **Rullering**

Planen skal rullerast kvart 4. år, første gong i 2019. Tiltaks- og forvaltningsplan skal rullerast ein gong i året. Ein skal samtidig med rulleringa av tiltaksplanen innlemme kulturminner som er registrerte etter at planen vart vedteke. Dette skal gjerast kvar år fram til hovudrulleringa i 2019.

## **DEL 2 TILTAKS- OG FORVALTNINGSPLAN**

Tiltaks- og forvaltningsplan skal rullerast ein gong i året, med prioriteringsliste og kostnadsramme. Det skal kallast inn til møte med lag og organisasjonar for å hentast innspel. Dersom det vert fremja forslag som medfører kommunale kostnader eller kjem i kontakt med arealplanen til kommunen skal dette leggest fram for formannskapet.

Tiltak	Ansvar	Kostnad	Ferdig
Vøla vassrenna på Rydlandssaga og stemma i Stemmetjødno	Frivillige, Fitjar kommune.		
Rydding av kulturløypa	Fitjar kommune samt frivillige lag og org.		Kontinuerlig
Tilsyn- og vedlikehald på bygningsmasse og tilsyn med samlingane på Årskog museum.	Sunnhordland museum i samråd med Fitjar kommune.	Sunnhordland museum	Kontinuerlig
Etablere rutinar for informasjonsarbeid vedkommande tilskotsordningar for grunneigarar.	Kultur, landbruk.	Personalressursar	Desember 2015
Etablere nye rutinar for tverrfaglege dialogmøte ved sakshandsaming av saker som omhandlar kulturminne.	Kultur, landbruk, byggesak.	Personalressursar	Desember 2015
Utarbeida ein generell rettleiar for publikum om vern av kulturminne.	Kultur, landbruk.	Personalressursar og kr. 5000,- i brosjyrematriell.	Våren 2016
Driva haldningsskapande arbeid. Integrera kunnskap om kulturminne i barnehagar og skular. Dialog med grunneigar.	Kultur, landbruk, Fylkeskommune, skule.	Personalressursar	Dialog med skule og barnehagar våren 2016.
Registrere dei områda som står uregistrerte.	Kulturkontor	Dugnad	September 2016
Omsynssoner for objekt verdisett i kategorien A i dialog med grunneigarar.	Kultur, landbruk.	Personalressurs	September 2016
Ryddda og skilta Kolerakyrkjegarden.	Kultur, frivillige organisasjonar.	Dugnad	2016
Skilta og gjera helleristinga på Vestbøstad tilgjengeleg.	Kultur og frivillige i samråd med grunneigar.	Dugnad	2016
Skilta og gjera tilgjengeleg <<Huldrestein>> i Kråko.	Kultur, frivillige.	Dugnad	2016
Skilta murane der oppgongsaga på Rydland opphaveleg stod nede ved sjøen.	Frivillige	Dugnad	2016
Rydde og skilta Likvegen.	Vestbøstad Vel i samråd med Fitjar kommune.	Dugnad	2016
Råd og retningsliner til skjøtsel og restaurering av verneverdige bygg.	Landbruk, Bygningsvern-konservator fylkeskommune.	Personalressursar	2016
Rydding og skjøtting av Misjonsåkeren i Osterneset.	Fitjar sogelag, Fitjar kommune.	Dugnad	2016
Digital kartfesting av alle registrerte kulturminne.	Kultur, landbruk, fylkeskommune.	Kr. 100 000,-	Mars 2017

Samla segner frå alle områda i kommunen.	Sogelag	Sogelag	2017
Samla og kartfesta stadnamn. Arbeidet kom i gong under registrering av kulturminna.	Kultur, sogelag.	Dugnad	2017
Grava opp kongsbrunnen og gjere den tilgjengeleg for publikum.	Kultur, frivillige organisasjonar, fylkeskonservator.	Dugnad	2017
Setja opp eit lite grindbygg med informasjon ved Rydlandssaga.	Dåfjorden velforeining	Dugnad	2017

### DEL 3 HISTORISK TEMADEL

Denne delen av planen tek for seg ulike kategoriar av kulturminne og kulturmiljø frå heile kommunen, sett inn i ein historisk samanheng, etter fylgjande tema: Fitjar si historie med utviklingstrekk, freda kulturminne, landbruk og kulturlandskap, skule, fiske og sjøbruk, samferdsle, handel, industri, tru og kristenliv og forsvar

#### FITJAR SI HISTORIE MED UTVIKLINGSTREKK

Restar etter hustufter og buplassar viser at det har budd folk i Fitjar sidan kort tid etter istida. I tillegg er det gjort mange funn av einskilde gjenstandar (hakker, klubber, øksar og piler) frå steinalderen. Det er også funne helleristingar. Pollenanalysar av korn indikerer at det vart dyrka korn i Fitjar for ca. 7000 år sidan.

Busetjinga ekspanderte i bronsealderen. I Fitjar er det er fleire gravrøysar frå perioden, med Rimsvarden som den største (30 m i tverrmål og 4m høg). Her er det gjort fleire funn, med ei øks som det gjævaste (rekna som den flottaste i sitt slag Skandinavia). Det er også gjort gravfunn frå jernalderen.

Framover mot vikingtida utvikla stormannsgarden Fitjar seg til eit maktsentrum i regionen, med kontakt til mellom andre Avaldsnes, og derifrå vidare ut i Europa. Etter rikssamlinga vart garden kverrsett av Harald Hårfagre og nytta til kongsgard. Frå Snorres kongesoger kjenner me historia om Håkon den Gode og slaget på Fitjar (961).

Fleire kongar hadde på ulikt vis tilknytning til garden. Frå Olav 2. Haraldsson (den heilage) si tid kjenner me Aslak Fitjarskalle, som var kongen sin mann på Fitjar og vart Erling Skjalgson sin banemann. Håkon 4. Håkonsson kalla eit av leidangsskipa sine «Fitjarbranden». Kongsgarden vart seld i 1665.



Frå gammalt hadde Fitjar, Stord og Valestrand høyrte til same prestegjeldet, og då Formannskapslovene kom i 1837, vart grensene for prestegjeldet også kommunegrenser. Fitjar vart



skild ut som eigen kommune 1. januar 1860 etter 1862, og eige lensmannsdistrikt i 1866. Kommunenamnet var fram til 1898 Fitje herred. I Engesund vart det halde ting for det som tidlegare heitte Våg skipreide, som størstedelen av Fitjar høyrde til.

### FREDA KULTURMINNE

Det er registrert om lag 70 freda kulturminner i Fitjar. Med unntak av skipet «Turisten», som forliste i Langenuen i 1893, og spor etter aktivitet ved Levågsætre, er alle lokaliserte på vestsida. 36 av desse er områder der det er funne spor etter menneskeleg aktivitet eller busetjing. Dei fleste er steinalderlokalitetar i Fitjarøyane eller nær sjøen der isen først trekte seg attende. Der slo dei første fangstfolka seg ned, og den første bonden busette seg og byrja å rydde det skogkledd landskapet.



Rimsvarden: Stor aravrøys frå bronsealderen.



Vestbøstad: Helleristningar eller berakunst.

Dei eldste spora etter fast busetting er funne på Rimbareid, Ivarsøy og på Nordfonno. Meir synlege er dei 24 gravminne og gravfelt som er registrert.

På Skumsnes er det fleire gravhaugar ut mot Bjørnefjorden og her er funne bautastein og bergkunst. Lenger nord på Osteneset, i Tveitevågen, var det naust etter langskip frå vikingtida.

Kyrkjestaden der steinkyrkja og gravplassen låg, er eit automatisk freda kulturminne. Steinen i kyrkjemuren rundt Fitjarkyrkja er henta frå gamlekyrkja og er eit freda kulturminne.



Steingarden rundt kyrkjegarden til Fitjarkyrkja.

Husmannsplassen Kjeholmen, også kalla Smedholmen, vart føreslege freda i 2015 av Riksantikvaren. Grunngevinga for fredinga er at garden er eit godt bevart døme på eit mindre gardsbruk frå 1800-talet.



Våningshus og notbu.

## LANDBRUK OG KULTURLANDSKAP

Kulturlandskap vert her definert som landskap påverka av menneske sin bruk av ressursane i naturen. Det kulturlandskapet vi ser, fortel om generasjonane som budde i Fitjar før oss. Me finn spor i ulike kulturmarkstypar, som slåttenger, naturbeitemarker, utmarksbeite og kystlynghei. Også steingardar, rydningsrøyser, ferdselsårer og gardstun og andre bygningar knytt til jordbruk og fiske fortel oss om levemåte og tidlegare aktivitetar.



Kulturlandskapet har stor variasjon. Her er fruktbare flater, godt eigna for moderne jordbruk, men òg kystlandskap med lynghei og små grøne flekker med åker og eng som høyrer kystgarden til. Mot fjellet er det i dag eit belte av barskog, der for 50 år sida det var ope landskap.

Den første kulturmarkstypen me kjenner til, er lyngbeita som vart skapte for om lag 4000 år sidan. Då byrja menneska her å rydda og brenna skog for å få fôr til husdyra. I dag finn me lyngheiane i Fitjarøyane og eit par andre kystnære område på vestsida, som til dømes Skumsnes. Lyngbeita er ein del av beitegrunnlaget på kystgarden og ligg i utkanten av gardstunet, med åker og slåttemark nærast og kulturbeite imellom. Steingardar markerer ofte skilje mellom lyngbeite og innmarksbeite. Rydningsrøysane viser oss kor det har vore rydda jordbruksareal, i motsetning til naturbeite. Sjølv om kulturlandskapet på fleire av Fitjarøyane er i god stand og somme stader restaurert, ber det fleire stader preg av å gro att.

Namnet Fitjar tyder lågtliggende eng og skildrar området kor kongsgarden låg, og slåttemark og større oppdyrka jordbruksareal pregar dette området frå Fitjarsjøen og sørover. Sjølv om det er fine steingardar på Prestbø og Vestbøstad, er mange fjerna for at traktorar og andre maskiner lettare skulle få jobbe. Rundt Storavatnet ligg Nesbø, Vik, Tveita, Årbø, Rydland, Hovstad og Helland. Her er fin variasjon med slåttemark og kulturbeite med stort biologisk mangfald med mellom anna eik og andre varme-elskande lauvtre. Det er få rydningsrøyser att og jamvel bronsealdergrava på Skålevik vart fjerna på 60-talet.

På austsida går E39 tvers igjennom gardsbruk langs det heller smale jordbrukslandskapet. Her er slåtteteigar og naturbeiter i bakkane ned mot Langenuen og opp mot fjellet. Nedanfor vegen finn ein spor av steinsette ferdsleveggar frå sjøvegen til gardstuna.

Osterneset er ei halvøy som ligg i nord mot Bjørnefjorden. Her er alle gardane i drift og kulturlandskapet er prega av småskaladrift. Som flotte kunstverk ligg rydningsrøysane i jordbruksareal, med steingardar som skilje mellom teigane og gardane. På Landa låg gardane samlø i klyngetun fram til jordskiftet på 1800-talet.

Fjellet har vore viktige beiteareal for dei aller fleste gardane i Fitjar. Ser ein på gamle bilete, ser ein ope landskap over det meste fram til 1950-talet. Etter kvart som beitepresset minka, har kratt og skog flytta seg opp over fjellsida. Dei siste åra har fleire område vorte brende og talet på beitedyr i fjellet har vorte auka for å setje i stand att det opne beitelandskapet.

Det var lite skog i Fitjar før det vart planta furu kring 1900-talet. Steingarden langs fjellet frå Sandvikvåg til Vodl vart mura opp for å verne den nye skogen frå beitedyr.

### **Kulturminne av stein**

Det meste av steinen som vi finn att i kulturminna våre kjem frå morenane som vart liggjande att på Fitjar etter siste istid. I nyare tid vart det hogd ut stein i granitt. Kyrkjegardsmuren frå middelalderkyrkja, som vart rive i 1850, var mura opp av hoggen stein frå steinbrotet i Sandvikvåg. På 1900-talet vart det hogd ut granitt frå Fitjarøyane (Tranøy) som mellom anna vart nytta til ungdomshuset Fitjartun og steintrappene på Hanøy.

### **Husmurar**

Det var ikkje rikeleg av god muringsstein til hus, då morenestein er rund, ukurant stein i varierende storleik. Dette er nok årsaka til at me i Fitjar berre finn grunnmurar av våningshus og løer av naturstein. Vegger og gavlar er grindbygde. Mindre hus som naust, torvhus, eldhus og uteløer har ofte heile vegger i stein. Morenesteinen var i alle storleikar og det krov godt handverk til mur-arbeid.

### **Stein i tak**

Skifer og rasteheller vart mest nytta til taktekking, sannsynlegvis fordi torv og tre var mangelvare.

Samstundes var det lite naturleg skifer tilgjengeleg, så den vart stort sett transportert med båt frå Valevåg og Solesnes.



*Eldhus i Gloppo*

## **Grensegardar, steingardar, rydningsrøyser, støtte- og planeringsmurar.**

Grensegardane er ofte gamle, då dei i hovudsak markerte grensa mellom hovudgardane. Dei var gjerne lange, men trong ikkje vera høge og flotte, om dei ikkje hadde funksjon som gjerde i tillegg. I samband med at jordbruksareal vart dyrka opp til slåttemark, vart jorda rydda for stein som så vart nytta i steingardar eller i rydningsrøyser.



*Steingard i Sandvikjo.*

Steingardane var eit stengsel for beitedyr og måtte vera av ei viss høgd. Det var vanleg at sida mot dyrka mark skråna noko, men at sida mot beite var rett. Dette var for at beitedyr ikkje skulle komme seg frå beite til åker eller eng, medan at det var mogleg å gå andre vegen. Steingarden var enkel eller dobbel. Den doble, breie steingarden hadde to stein i breidda, med bindande stein i mellom. Den enkle høge steingarden vitnar om god tørrmuring, der ein ofte har nytta vanskeleg muringsstein.

## **Rydningsrøyser, støtte- og planeringsmurar**

Rydningsrøyser kan vera imponerende byggverk, som viser muringskunst på beste. Desse kunstverka er ein arv frå enkelte bonde eller husmann som rydda jord for å auke matproduksjonen, etter som folketalet auka fram til cirka 1850.



Stein vart rydda fram og murt opp til støtte- og planeringsmurar. Terrassane som vart laga, førte til maksimal utnytting av produksjonsarealet på dei små jordfleckene i kupert og bratt landskap

## **Kanalar og grøfter**

Steinsette kanalar er kulturminne som vart bygde for å kontrollere og utnytte vassressursane. Utføringa og kvaliteten varierte mykje etter kor dyktig den enkelte bonde/husmann var i utøvinga av handverket, men også ut frå kvaliteten på natursteinen som var tilgjengeleg på staden.



*Steinsett veit, Vistvik.*

Kisteveiter er kulturminne skjult i dyrka jordbruksareal. Stein vart lagt slik at det danna seg eit lukka grøftesystem

## Granittbrot

Rundt om i øyane er det fleire stader det vart brote ut granitt. Steinen vart brukt i grunnmurar og bryggjer. Grunnmuren under «Gamlebankjen» og fundamentet i bryggja ved «Dalebuo» er laga med stein frå øyane.



## Jordkjellarar

Dei jordkjellarane ein finn i Fitjar, ligg helst til gardar der det ikkje var kjellarar i husa. Jordkjellarane fungerte som vinterlagringsplass for til dømes poteter.



49.23 Helland, jordkjellar.

## KULTURMINNE FRÅ SKULEHISTORIA

I 1862 var det 15 skulekrinsar og 7 lærarpostar i kommunen. Omgangskuletida gjekk mot slutten og ein byrja å starta å byggja skulehus. Det fyrste skulehuset som vart bygd i det som no er Fitjar kommune var Stranda (Hageberg) i 1884. Seinare kom det skulehus i Hatlevik i 1891, Ivarsøy 1893, Tverdarøy i 1900, som opphavleg var det gamle skulehuset på Tislevoll. Tislevoll fekk nytt skulehus i 1900, Sælevik i 1905, Rimbareid i 1906, Fonno i 1918 og Osternes i 1930. I 1939 fekk Øvrebygda igjen nytt skulehus og det gamle vart flytta til Sælevik. I tillegg til å vere skulestove vart skulehusa ofte også nytta som små kulturhus i dei ulike krinsane.



Skulehuset på Tverderøy.

Det fyrste skulehuset frå 1865 i Rimbareid krins var i byrjinga berre ei lita stove. Dette vart etter ei tid rive og flytta til ein annan krins. Den neste skulen som vart bygd i 1906 var eit større hus, med to klasserom og eit loft som har vore både bustad og lokale for søndagsskulen. I 1954 vart den "nye" barneskulen bygd.

På 1960 og 70-talet var Fitjarsamfunnet i sterk endring noko som vart særleg merkbar i Fitjarøyane. Det vart mindre fiske, samstundes som industrien på øya gav tilbod om nye arbeidsplassar. Dette førte etter kvart til fråflytting i øyane, noko som gjorde det vanskeleg å oppretthalda skuletilboda ein før hadde hatt. Tverderøy skule vart nedlagd på 60-talet og elevane vart overførte til Kvarven. Skulane på Fonno og i Hatlevik vart også nedlagde. I staden følgde dei båtskyss til Fitjar. På 1970-talet vart Ivarsøy skule nedlagd. Etter at småskulane i øyane var borte, kom turen til dei minste skulane på fastlandet. Først vart Osternes skule lagd ned tidleg på 1980-talet, og til slutt Hageberg skule i 1999.

I dag er det sju av desse skulehusa som framleis står. Dei er i ulik bruk men er alle å rekne for å vera verdifulle kulturminne i Fitjar.

## **KULTURMINNE FRÅ FISKE OG SJØBRUK**

Fitjarbuen var i lang tid fiskarbønder. Dei levde i like stor grad av fisket som jordbruk. Til kvart bruk høyrde det til naust til båtar og sjøreiskap. Bruk som ikkje grensa til sjø, hadde naustrettar på andre gardar, som til dømes Vik og Tveita, som hadde naust i Hellandsfjorden. Bruk i Øvrabygda hadde naust i Kuarvågen.

Dei fleste dreiv fiske til husbruk. Heimefisket vart drive med handreiskap, garn og nøter. Ofte slo fleire seg saman i notlag der dei eigde partar i nota og det var mest sild, brisling og makrell som vart kasta på gode kastevågar. Til dette trong dei kastenot, orkastnot og trengda. Dei som eigde grunnen der det vart kasta, fekk ein viss del av verdien i kastet som landslut. Mange fiskemed har gått i arv og vitnar om gode fiskeplassar. Fiskeplassar for laks er nemnde i kjelder frå 1700-talet.



*Saltebu i Dåfjorden, flytta frå Bergen.*

For å oppbevare fisken i lengre tid var det nytta salting, turking og røyking. Særleg sild og brisling vart nytta som spekemat.

I folketeljinga 1875 var fleire fitjarbuar på Nordlandsfiske.

Den dag i dag finst det framleis mange flotte naust og notabuer frå 1800- og tidleg 1900 talet. Dei fleste står åleine i tilknytning til gardsbruka, men det finst og heile naustmiljø.

## Naustmiljø



*Sjøbruksmiljø med notbuer og naust i Gloppevågen.*



*Naustmiljø*

## KULTURMINNE FRÅ SAMFERDSLE

Frå gamal tid var sjøen den viktigaste framkomstvegen. I 1858 starta Staten opp fiskeruta mellom Nordfjord og Sunnhordland i vårsildsesongen (januar til mars). Her var handelsstaden Engesund stoppestad. Skipet var det kjende S/S "Constitutionen".

Hausten 1866 kom det nybygde skipet "Bjørnen" i drift. Det var eigd av Interessentselskabet Bjørnen, og dei oppretta ei ny Fitjar-rute via Sund. Det Søndhordlandske Dampskibsselskab vart etablert i 1871. Stoppestader i Fitjar for HSD sine båtruter var: Vistviki, Færøysund, Gloppevågen, Fitjar, Engesund, Hatlevik, Koløyholmen og Dårjorden.

Den første offentlege vegen i Fitjar var Prestavegen frå Sandvikjo til Gloppevågen. Presten budde då på Tyse prestegard. Når han skulle til Fitjar, gjekk han til Tysesjøen og vart rodd til Sandvikjo, dei gjekk Prestavegen til Gloppevågen og fekk ny båtskyss vidare til Fitjarsjøen. Ingen kan svara på kor

gamal vegen er, men etter gamle brev ser me at den er eldre enn veglova frå 1824. Prestavegen kan ein framleis gå mellom Sandvikjo og sjøbruksmiljøet i Gloppevågen.

I 1882 vart det løyvt midlar til bygdevegen Fitjar – Vik over Vikeleitet, og i 1894 vedtok ein å bygge vidare til Rydland og forlenga vegstrekninga til Stord. Det gjaldt strekninga Dybvik – Rydland, med ei samla lengd på 10 380 meter, der 4000 meter låg i Fitjar kommune. Arbeidet tok til november 1905 og prosjektet var ferdig i 1909. Krava til vegbanen var at det måtte vere minimum 30 cm steinsetjing midt i vegen der hestane gjekk. Steinsetjinga kunne så gå til nulls på begge vegkantane.

I 1907 vart det løyvt midlar til ein ny hovudveg, denne gongen nordover frå Fitjar til Levåg. I 1910 vart det tilrådd statsstøtte til bygdevegane Rydland – Kuarvåg/ Koløyholmen og Fitjar – Vik. Seinare kom strekninga frå Vestbøstad til Rimbareid. Vegen nordover var stadig under arbeid, og i 1939 var dei komne så langt at også sidevegen ned til Sandvik- garden var bygd ferdig. Under krigen, i 1943, var Osternes- vegen gjort ferdig til Tveit og Skumsnes. I 30- åra vart det bygd ny veg frå Fitjar over Rimbareid og Hungersdalen til Vik.

### **Steinsette vegar og bruer**

Mykje flott muringsarbeid ligg umerkeleg til i små og svingete steinsette vegar. Desse gardsvegane og «sjoarvegane» viser oss ferdselsmønsteret i tidlegare tider. Med dei første bilvegane kom større bruer med imponerande murar bygde av steinblokker forma av menneske.

For gardane på Helland og Hovstad var Storavatnet ei viktig ferdselsåre. Det er difor små båtstø mange stader langs vatnet, folk nytta ofte båten i Storavatnet når dei hadde ærend til Fitjarsjøen. Nokre meiner at namnet Hovstad kjem av "hovstø", båtstøet ved Storavatnet der folk kom når dei skulle til hovet.



*Øyordsvågen (Skumnes) Sjoarveg.*



*49.9 Steinbru på Helland.*

### **Likvegen**

Folk frå dei søre øyane som skulle til Fitjar sentrum, enten det var for handel, kyrkjegang eller gravferd, kom roande inn til Vestbøstad mølle og gjekk derifrå til Reino, over haugane ved Dalen og kom ned på Prestbø. Denne traseen vart kalla «Likvegen», sidan dei bar lika til kyrkje denne vegen.



## KULTURMINNE FRÅ FORSVARSHISTORIA

Det vi kan kalla for organisert forsvar i landet vårt vart skipa i Håkon den Gode si tid. Før hadde hovdingane berre tilfeldige hærflokkar(hird) rundt seg til forsvar. Harald Hårfagre samla Noreg til eitt rike, det vil i praksis seia kystområda. Sonen, Håkon den Gode, delte kystområda inn i skipreider og innførte leidangen og vardane (vetene). Og var det teikn til ufred, varsla dei med å tenna på vardane frå "landsende til landsende».

Men etter Svartedauden 1349-50 gjekk heile leidangsordninga i oppløysing. Så kom dansketida og utover på 1600-1700-talet var det mykje ufred, og det vart skrivne ut ungdomar frå Fitjar til soldatteneste. Det same gjaldt på slutten av Napoleonskrigane kring 1810- 1814.

Soldatane vart sende austover og skulle ta opp kampen mot svenskane. Men ein hadde eit visst landvern også her.

Det kan nemnast at smeden som budde på Smedholmen utførte vedlikehaldsarbeid på våpen. Så kom 1814 og Noreg gjekk inn i si lengste fredsepoke, fram til 1. verdskrigen braut ut i 1914. Noreg var nøytralt, men det hindra ikkje at mange norske sjøfolk, også frå Sunnhordland, miste livet.

### Andre verdskrig

#### Osternes festning



Generator for lyskastar.



Hovudskyts.

Tidleg i 1940 vart norske soldatar sett til å passe på sjøleia mellom Osterneset og Austevoll, grunna den tilspissa politiske situasjonen.



Ammobunker.

Utover våren overtok tyskarane Osterneset, grunna den strategiske plasseringa langs innlaupet til Bergen.

Bygging av brakker, bunkerar og kanonstillingar vart starta våren 1940. Dette arbeidet vart utført av Norske Entreprenører, med bruk av lokal arbeidskraft, fram til 1945.

Frå november 1940 og utover vart hovudkanonene montert. Dette var fire heilt nye 12 cm Haubitser-ar som tyskarane hadde funne hjå Kongsberg Våpenfabrikk under ein inspeksjon. Sommaren 1943 vart desse bytta ut med 4 SKC 34, 12,7cm skipskanoner, med ei maks rekkevidde på 17400 meter.

Fortet hadde i tillegg tre 20 mm Madsen luftvernkanoner, fire russiske feltkanoner, to franske feltkanoner, om lag tjue maskingevær/mitraljøser og tre bombekastarar.

Fortet var bygd av offiserar, underoffiserar og soldatar. Det var òg 36 fangar frå Russland som var med på bygging av anlegget.

### **KULTURMINNE FRÅ HANDELSVERKSEMD**

Dei første stadene det var drive handel, var dei gamle handels- og gjestgjevarstadane Engesund og Færøysund.



*Engesund.*



*Færøysund.*

Desse stadane hadde bakgrunn i kong Haakon si "Lov om gjestgjevarhus" frå 1303. Den påbaud at det skulle vera "Tavernehus", gjestgjevarhus for kvar halv eller heil dagsreis ved dei ålmenne ferdslvegane over heile landet. Då skyssplikta vart oppretta, i siste delen av mellomalderen, vart ordninga lagd til gjestgjevarstadane, med plikt til å skaffe skyss til dei reisande. På byrjinga av 1600-talet kom dei første handelsbuene utanfor byane, og desse vart då lagde til

gjestgjevarstadane. Frå om lag 1650 vart handelsbuene faste handelsstadar med einerett til all handel i sitt område

**Engesund:** Eit tingprov frå 1706 seier at Engesund er "høyst fornøden" då staden ligg midt i vegen for "alle reisende". Løche Larsson, som då budde der, hadde kongeleg fribrev på å driva både handel og gjestgjevargard, som har vore her frå eldgamal tid. Lista over eigarar er lang. I 1910 overtok Lars Olai Kleppe. Han var ein dugande mann, som satsa sterkt på fiskebruk og gardsdrift. I 1975 vart handelen nedlagd.

**Færøysund:** "Færresund" hadde i over 60 år hatt "kræmmere", det var nødvendig, då mange ferdafolk søkte hamn og "bolig" her. I perioden frå 1630 til 1908 var det 18 eigarar. Johan Sandvik og broren Knut kjøpte Færøysund i 1908. Færøysund hadde handel og båt-anløp til 1965, då butikken vart flytta til den nye ferjekaien i Sandvikvåg.

**Fitjarsjøen:** Den første landhandelen ved Fitjarsjøen var firmaet Jensen & Co, som var etablert i 1866, med innehavarane Paul C. Lillenes og brørne Ole og Tor Vatna. Fitjarsjøen vart det naturlege sentrum i kommunen, og utviklinga har gjort staden til eit moderne bygdesentrum der dei fleste bransjar er representerte.

**Koløyholmen:** Stokksund vart handelsstad då Tørres O. Fattigmannshavn starta opp rett etter 1880. I mange år var her stor aktivitet, men også i Koløyo endra tidene seg. Rutebåtane slutta å leggja til her i 1990, og butikken vart nedlagt i 1995. Filialen, som vart oppretta ved hovudvegen på Rydland, er i full drift som bygdebutikk.

**Hatlevik:** Otto Wennick frå Foldrøyhamn bygde ein filial i Hatlevik rundt 1850. Seinare, i 1898, tok Kristoffer Nilsson Hatlevik til med handel. På 1960-talet byrja fråflyttinga i øyane for fullt, og butikken vart lagt ned 1972.

**Gloppevågen:** Jens Bakken frå Fitjar kjøpte tomt i Gloppevågen i 1922 og sette opp eit lite handelshus. "Tedno" kom innom to gonger for veka heilt frå starten, og det vart etablert brevhus. I 1933 selde han til Birger Hageberg. Birger bygde nytt hus med butikk i første høgda. I 1937 fekk han postopneri med namnet Osternes. Vegen til Osterneset vart bygd i 1935, og kommunevegen ned til kaien kom først i 1953. Birger flytta i 1959, og drifta i Gloppevågen heldt fram med ulike eigarar til sommaren 1976, då butikken vart nedlagd etter ein brann i huset.

**Vistviki:** Ved Hovlandsjøen på Stranda etablerte Nils S. Hovland eige firma i 1938 og starta handel. Han var i tillegg postopnar og dampskipsekspeditor. I 1952 bygde Nils nytt hus med butikk i første etasje, og dreiv forretning saman med kona Else like til 1967, då dei leigde ut og seinare selde butikken. Den vart lagd ned i 1974.



Hovland. Butikken var i kjellaren på huset.

## KULTURMINNE FRÅ INDUSTRI

Fitjar har frå gammalt av hatt jordbruk og fiske som dei viktigaste næringsvegane. Jorda var godt eigna til å dyrka gras og poteter. Sjøen var rik på fisk og alle gardar hadde sine fiskebåtar og fiskebruk. I Fitjarøyane levde folka mest av fiske og ei enklare jordbruksdrift.

På garden Rydland var det mykje skog, og der vart det på 1600-talet bygd ei vassdrevnen tømmer saga som tilverka tømmer til plank og bord. Dette var nok det første tiltaket som kan kallast industri i Fitjar.

### Rydlandssaga



*Grunnmur frå gamlesaga flytta i 1920*



*Rydlandssaga i dag*

Rydlandssaga er ei vassdrevet sirkelsag. Den inneheld eit sirkelforma sagblad, eit undervasshjøl, ein handdriven sagbenk og ei vassrenne. I botnen av vassrenna er det mogleg å leia vatnet vekk for å stoppa saga.

Saga vart bygd i 1916, etter at dagens fylkesveg vart etablert, og erstatta oppgangssaga nede ved sjøen, som var i bruk frå om lag 1620 til 1908. Hytta er bygd fyrste halvdel av 1920-talet og vart nytta til å eta i og oppbevare verktøy. Ved byrjinga av 1930-talet vart vasshjulet flytta og vassrenna bygd om. I 1967 vart det gjort ei kraftig vøle på saga. Mønetaket vart rive og det vart bygd hadletekkja (pulttak). Det nye taket førte m.a. til lettare arbeidsforhold når tømmeret skulle inn. Rydlandssaga står den dag i dag som eit vitne om den første industrien i Fitjar

## Tislevollsaga

Tislevollsaga vart bygd rundt 1740 av Nils Larson Rydland og Ole Aronson Tislavoll. Saga besto av tre bygningar. Det var sjøelve saga, ei saghytte og eit bordhus. Ved Longavatnet er det ein stad som blir kalla Lukene. Her var det luker som vart stengt, slik at ein magasinerte vasskraft til seinare bruk. Det blir fortalt at i 1806 hadde Salomon Johannesson Tislavoll seks mann i sving i skogen for å fella tømmer til saga. Produksjonen på den tida vart materialar til bøkkarverksemd, altså tønne-produksjon. Saga var i sving fram til om lag 1880. I 1881 blei saghytta flytta til Tislevoll, der den blei stove til ei som heitte Oline, og vart sidan kalla Oline-stova.



Mur etter den gamle Tislevollsaga.

## Vestbøstad mølle

I år 1800 vart det på garden Vestbøstad bygd ei stor mølle. Den tok imot korn til maling frå bøndene i Fitjar og andre kommunar i Sunnhordland. Etter ein brann i 1880-åra vart mølla bygd oppatt og var i drift som mølle til ca 1950. Mølla vart totalskadd i brann hausten 1960. Brannen øydela også eit kraftverk sett i drift i 1918 og ei tilhøyrande gardssag som var sett opp i 1948. I dag finst det ingenting att av mølla. Den vert vist her fordi den spelte ei viktig rolle i industrihistoria til Fitjar.



## Gruvene på Hogste og Helland

Det vart skjerpa kis på Hogste i tida 1850 til 1865. Bøndene haldt på retten til å køyra kisen til Koløyo og tente gode pengar på det. Det største skjerpet var Hogstepresten. Det vart òg skjerpa på "Hellandspresten", men her var utbyttet ikkje særleg stort, så prosjektet vart fort avslutta. Kisen vart skipa ut i Kuarvågen i Koløya. Då kisen på Fitjar byrja å ta slutt, vart det oppdaga kisførekomstar på



Gruveinngongen på Hogstepresten.

Litlabø. Firmaet som hadde skjerpa kis i Fitjar, la ned der i 1865 og flytta verksemda si til Litlabø.

### **Slippen i Dåfjorden**

Verksemda vart etablert i 1916 av Albert Andersen og Lars Stokken. Dei kjøpte eit område inst i Vågen, der dei bygde trefartøy. I 1920-åra vart det bygd ein ny slipp, som hadde stor kapasitet etter den tids målestokk. Her kunne ein landsetja båtar opptil 140 fot.

Etter kvart vart det satsa meir på ombygging og reparasjonar. Mellom anna vart seglskuter bygde om til motordrift. Sønene til Albert Andersen gjekk inn i drifta av verkstaden, og overtok parten til Lars Stokken i 1948. I mange år var firmanamnet A. Andersen & Sønner. Kring 25 personar hadde arbeidet sitt ved verven, og motorbåten «Dåfjord» gjekk i arbeidsrute. Vegsamband fekk ein først då brua over innløpet til Nordre Dåfjorden stod ferdig i 1963.



Dåfjorden slipp

Fleire av bygningane som står på verkstadorrådet i dag, er bygde rundt 1950. Det gjeld sagbruket med snikkarverkstad, lagerbygningen ved slippen og maskinverkstad /kontor-bygget.

På verven i Dåfjorden låg også Dåfjordeid postkontor, først i huset til slippeigaren, og seinare i det vesle kontorbygget over maskinverkstaden. Like utanfor slippen ligg rutebåtkaien og ekspedisjonsbygningen, der «Tysnes» og «Gunvor» gjekk i rute to dagar i veka.

### **Tønneproduksjon**

Det vart etablert tønnefabrikkar i Færøysundet og i Gloppevågen, dette for å forsyna fiskarane med tønner til sildesalting. I Færøysundet var det Knut Sandvik som stod for tønneproduksjonen. Første tida var «Gamlastovo» produksjonslokale, men seinare reiste han eit sjøhus med to høgder på ei gamal tuft. Her vart det sett opp sju arbeidsbenker der bøkkanane arbeidde. Den einaste maskinen dei hadde, var ein handdriven dreiebenk til botnane.

I Gloppevågen låg Osternes Treindustri LL, ein tønnefabrikk starta rundt 1953 av Birger Hageberg, Sigurd Gloppen, saman med brørne Johannes og Asbjørn Landa. Dei hadde på det meste åtte-ni mann i sving. I tillegg til maskinane som blei brukt til å forma delane og setja tønnene saman, hadde fabrikk eiga sag. Fabrikk la ned produksjonen rundt 1960, då nedgangen i sildefiske gjorde at etterspurnaden etter tønner på det næraste fall bort.

## Torvtaking

Torv var den viktigaste energikjelda i Fitjar fram til vasskrafta tok over på 1900-talet. Når menneska byrja å nytta torv til å fyre med veit me ikkje, men i Snorre Sturlason si soge vert torvtaking nemnt. I Irland og på Island vert torv framleis nytta.



Torvmyr.



Torvhus i Sandvikjo.

Torvmyrane vert danna over fleire tusen år, når organisk masse er så metta av vatn at den ikkje vert brote ned. På mange av gardane i Fitjar var det lite eller ingen skog, og torv var ein svært viktig ressurs. Dei som sjølv ikkje eigde torvmyrer, hadde torvrettar i andre si utmark. Torvrettane regulerte kor, og kor mykje, kvar gard kunne ta ut årleg.

Nokre stader vart det fyrst med torv heilt fram til etterkrigsåra, og me kan framleis finna spor etter uttak i torvmyrane, torvhus og restar etter taubanar. Sjølv om kulturminne knytt til torvtaking høyrer til vår nære historie, er det berre i Sandvikjo vi veit om eit intakt torvhus. Murar etter torvhus i utmarka og i Fitjarøyane er det mange av.

## KULTURMINNE FRÅ TRU OG KRISTENLIV

Heilt frå Håkon den gode si tid har det kristne livssynet arbeidd seg inn og rotfesta seg i Fitjar. Kyrkja og gravplassen har røter attende til Håkon den Gode si tid på 900-talet. Den gamle steinkyrkja vart sett opp tidleg på 1100-talet eller tidlegare, men den vart riven i 1866.

Noverande Fitjar kyrkje vart teken i bruk hausten 1867. Frå gammalt av høyrde Fitjar til same prestegjeldet som Stord og Valestrand, og hadde presten saman med dei. Før reformasjonen, i 1537, heldt presten truleg til på Prestbø. I 1862 vart Fitjar eige prestegjeld og fekk eigen prestegard og klokkargard. Prestegjeldet fekk same grensene som



Fitjar kyrkje

soknet. Fitjar kyrkje er eit listeført kulturminne. Det vil seie at den er vurdert som eit svært viktig kulturminne. Den er ikkje freda, men alle endringar må godkjennast av Riksantikvaren.

Prestegarden vart bygd i 1864/65. I dag er det berre våningshuset som står att av dei opphavlege bygningane.

Klokkargarden vart bygd i 1865. Dette huset står framleis og kan skilta med ei mangslungen historie. Den vart bygd som klokkar- og lærarbustad, men har opp gjennom åra hatt mange funksjonar: reserve-kyrkje, bank, postkontor, bibliotek, klasserom, privat bustad, barnehage, musikkrom, treningsrom, lager og møtestad for friviljuge organisasjonar



Klokkargarden

## Bedehus

På 1900-talet kom bedehusa. Først kom bedehuset på Rimbareid (1915). Seinare kom det bedehus på Tislavoll (1926, åttekanta etter modell frå det første kristne lokalet i Kapernaum), Sælevik (1927), Osternes (1929), Hatlevik (1940) og Stranda (1967, brakke frå Osternes festning). I Øvrebygda sette også Pinsemenigheten opp bedehuset Sion og Den frie evangeliske forsamling sette opp Betanien. Bedehuset på Rimbareid vart etter kvart for lite, og det vart sett opp nytt ved sentrum i 1982.



Bedehuset i sentrum.



Dåfjorden bedehus.



## KULTURMINNE MED SEGNER OG SÆRKILDE TRADISJONAR

På vestsida av Kråko ved Steingardseid ligg Huldrasteinen, ein firkanta stein som er om lag cirka tre meter brei, og den knytter det seg ei segn til:

Segna seier at det var ei jente frå Helland som var i teneste på Vestbøstad. Ho vart sett til å gjeta buskapan på Kråko. Ein kveld kom ho ikkje heim med buskapan, og ein tok til å bli redd for jenta. Det vart leita både til "lands og vanns" i 3 samfulle dagar, utan anna resultat enn treskorne hennar som vart funne attmed Huldrasteinen. Då var dei overtydde om at huldra hadde teke



Huldrastein

jenta. Og no var gode råd dyre. Dei hadde lært at kyrkjeklokka hadde makt til å løysa dei som var bergtekne. Difor henta dei den gamle kyrkjeklokka for å kima på staden. Då kyrkjeklokka kima, kom jenta, men ikkje ut av steinen. Ho hadde teke seg nokre fridagar uløyves for å vera hos kjærasten sin på Hjelmen, ei lita øy i nærleiken. Elskhugen hadde vorte for stor.

(Nedskrive av Arne Tislavoll)

## DEL 4 UTVAL AV KULTURMINNE GEOGRAFISK INNDELT

Ein har valt å dela Fitjar inn i åtte geografiske område som ligg naturleg til kvarandre. Her er det teke med eit utval bilete for å vise breidda av kulturminne i kommunen. Den samla oversikta over kulturminne er å finne i del ??, bak i planen. Der vil ein finne omtale av kvart objekt, lista opp etter gards- og bruksnummer, med datering og kulturell verdivurdering. Fullstendig biletmateriale og kartfesting av kulturminna vert å finne som vedlegg til planen på Fitjar kommune si heimeside fram til ein har fått eit digitalt verkty som er eigna for dette formålet.

### Utviklingstrekk i byggeskikken frå mellomalderen til 1900 talet.

Sidan det i del 4 vert presentert ei stor mengd ulike bygningar, har ein her valt å byrja med å presentere ein del utviklingstrekk i byggeskikken.


I mellomalderen nytta ein hus med enkel planløsning. Dei såkalla røykjestovene var berre eitt rom, med åre i midten og ljore i taket. Etter kvart vart det vanleg med sval og kove. På gardane i Sunnhordland var det mot midten på 1800-talet vanleg med lemsstover. Dette var røykjestover som var slegne saman med sengebuer/glasstover. Lemsstovene var to lafta kassar, med lem over.

Under utskiftinga av klyngjetuna vart det meir og meir vanleg å slå saman bygningane på denne måten. Då ein gjekk over frå røykonn til pipe, vart det vanleg å bygge lem over røykestova. Lemen overtok mellom anna stabbursfunksjonen og vart nytta til soverom.

Utover 1800 talet vart byggeskikken påverka av byarkitektur, med symmetriske planløsningar. Denne måten å byggja våningshus på, vart kalla bygdeempir. Her hadde ein kjøkken i midten og ei stove på kvar side. Desse husa hadde to skorsteinar. Denne typen hus var svært vanleg og dei fanst på bortimot kvar einaste gard på Vestlandet rundt 1840. Det er slike hus ein finn mest av på gardane på Vestlandet den dag i dag.

Grindverkteknikk vart nytta til bygging av lør, utmarksbygningar og naust heilt fram til første halvdel av 1900-talet. I enkelte lør på Vestlandet er det påvist grindverk frå mellomalderen. Det kan sjå ut som om dette har vore ein ubrotten byggjetradisjon som har vart i meir enn 350 år.

## OMRÅDE ØYANE



### Nordfodno

Garden er den eine av to gardar som ligg på øya Fodno nord for Fitjar sentrum. I aust og sør grensar Fodno til Fitjarvikjo, i vest til Engesund og i nord til Selbørnsfjorden. Garden er nemnt i jordeboka Bjørgyngjar Kalfskinn på 1300-talet, men seinare låg garden truleg øyde eller som underbruk under Sørfodno til slutten av 1500-talet. På Nordfodno er det ikkje gjort fornfunn.



*Lensmannsgarden, våningshus, 13.1. Kystgardsmiljø.*



*Rotveksthus, 13.1 Kystgardsmiljø.*

### **Kjeholmen/Smedholmen**



*Våningshus. 15.1. Kystgardmiljø.*



*Notbu. 15.1 kystgardsmiljø.*

I dei siste generasjonane har Kjeholmen blitt kalla Smedholmen, av di her budde børsesmed, som hadde reparasjonsarbeid for Sunnhordland Regiment. Familien hørde til dei kondisjonerte og held lag med borgararistokratiet i Engesund, Brandasund, Bekkjarvik, med fleire.

Holmen hørde tidlegare til Vesbøstad, som truleg har brukt holmen til beite for kje. Garden vart truleg rydda i siste halvparten av 1600 og skyldsett som sjølvstendig gard i 1723. Garden vart føreslegen freda i 2015.



*Kårhus. 15.1. Kystgardmiljø.*



*Rydningrøys. 15.1. Kystgardmiljø.*

## **Engesund**



*Utedo og skytje, 17.1. Kystgardmiljø.*



*Løe, 17.1. Kystgardmiljø.*



*Gjestgjevarstad, 17.1. Kystgardmiljø.*



*Notbu, 17.1. Kystgardmiljø.*

Engesund ligg på øya Engesund vest for Fitjar, attmed den eldgamle skipsleia langs kysten, kalla Norvegen. Garden grensar i aust og sør til Engesundsleia, i

vest til sundet mellom øya Engesund og Ivarsøy og nord til Selbjørnsfjorden. Garden vart rydda i første del av 1600-talet. I 1723 vart den skyldsett som eigen gard. I del 2 er det meir å lese om Engesund si historie som gjestgjevarstad

## Ivarsøy

Ivarsøy er truleg den eldste garden i Fitjarøyane. Her er det funne ei steinøks og ei hakke av grønstein.



Våningshus, 18.5. Kystgardmiljø.



Naust og sjøbu, 18.5. Kystgardmiljø.



Utedo/skytje, 18.5 Kystgardmiljø.

## Langøy

Langøy vart skyldsett i 1838. Garden var middels lettbrukt og middels godt oppdyrka.



Våningshus, 19.1. Kystgardmiljø.



Rydningsrøys, 19.1. Kystgardmiljø.



Skytje, 19.1. Kystgardmiljø.

## Torsdagsøy

Garden var opphavleg husmannsplass under Fitjar. Den vart skyldsett som eigen gard i 1723.



Våningshus, 22.1/2. Kystgardsmiljø.



Smie, 22.1/2. Kystgardmiljø.



Løe, 22.1/2. Kystgardmiljø.



Eldhus, 22.1/2. Kystgardmiljø.

## Hanøy

Hanøy var husmannsplass under Brandasund og skyldsett i 1723.



Våningshus og drengestove, 25.1. Kystgardmiljø.



Steingard, 25.1. Kystgardmiljø.



*Utedo og løe, 25.1. Kystgardmiljø.*



*Steinsett gardsveg, 25.1. Kystgardmiljø.*



*Naust, 25.1. Kystgardmiljø.*

## **Saugholmen**

Opphavleg husmannsplass under Tverderøya.



*Våningshus, 36.4. Kystgardmiljø.*



*Løe, 36.4. Kystgardmiljø.*





*Båtoppdrag, 36.4. Kystgardmiljø.*



*Rydningrøys, 36.4. Kystgardmiljø.*

## **Ringholmen**

Ringholmen var opphavleg husmannsplass under Tranøyo. I 1876 vart det oppretta ein fyrstasjon som var bemanna fram til 1918. Då blei stasjonen lagt ned og erstatta med ei fyrlykt.



*Fyrstasjon, 38.4. Enkeltojekt.*

## **Dalen**

Dalen ligg i nordre enden av Ålforo. Garden var opphavleg husmannsplass under Fitjargarden. Den vart skyldsett i 1723 som eigen gard.



*Gardstun 39.2 Kystgardmiljø.*

## Hatlevik

Hatlevik var opphavleg husmannsplass under Fitjargarden. Den vart skyldsett som sjølvstendig gard i 1723. På Hatlevik er det funne flintavfall frå steinalderen og ei klebersteinsskål.



Våningshus 40.1 Kystgardmiljø.



Løe 40.1 Kystgardmiljø



Rvdninasrøvs 40.1 Kvstaardsmiljø



Naustmiljø 40.1 Kystgardsmiljø

## Fattigmannshavn

Garden var ein gammal husmannsplass under Fitjargarden. Den vart skyldsett som eigen gard i 1723. Munkane frå Halsnøykloster hadde eit hospits der, kor reisande fekk hamn og husly. Truleg er det munkane som har gjeve staden namnet, då dei reisande ikkje alltid ville betala munkane for tenestene deira.



*Naust, 45.1. Kystgardmiljø.*



*Våningshus og skytje, 45.1. Kystgardmiljø.*

## **Straumøy**

Garden var opphavleg husmansplass under Fitjargarden, og skyldsett som eigen gard i 1723.



*Våningshus, 47.1. Kystgardmiljø.*



*Steinsett veg, 47.1 Kystgardmiljø.*



*Eldhus, 47.1. Kystgardmiljø.*



*Utedo, 47.1. Kystgardmiljø.*



*Naust, 47.1. Kystgardmiljø.*



*Løe, 47.1. Kystgardmiljø.*

## OMRÅDE ØVRABYGDA



Område Øvrabygda består av gardane 49 Helland, 50 Hovstad, 51 Tislavoll, 52 Storavikjo.

### Helland

Helland ligg sentralt geografisk plassert i Fitjar kommune, på vestsida av Storavatnet. Det er ein av dei eldste gardane i Fitjar. Her er det funne ei leirkrukke som er datert til 500 år før Kristus.

Garden kan ha blitt utskild frå Hovstad i gamal tid. Hovstad var truleg plassen hovet låg (hus til bruk i heidensk gudsdyrking) og Helland kan ha vore jorda som

låg til hovet. Disse gardane kan difor ha vore sentrum for gudsdyrkinga i bygda i heidensk tid.

I tillegg til arbeidet med jorda, dreiv bøndene på Helland også med fiske. I Hellandsfjorden hadde mange gardar naust, og somme hadde partar i naust lenger ute i øyriket. Laksefisket i Kjærrelva var også ei kjærkomen ekstra-inntekt. Bøndene på Helland og Vestbøstad bytte på å fiska i elva kvar sine år og fekk store fangstar.

Hellandsgarden hadde fleire husmannsplassar. I nord låg Synningjo. Her var det eit grunt sund, som folk og fe måtte symja over om dei skulle nordover mot Vestbøstad og Fitjar. I sørvest låg Koløyo, som har fått namn etter ein stad der ein dreiv med kolbrenning. Koløyo var tidlegare var delt mellom Helland og Storavikjo, men vart i 1745 lagt til Helland.



*Våningshus, 49.2. Gardsmiljø.*



*Mur av eldhus, 49. 9. Gardsmiljø.*



*Skytje, 49.9. Gardsmiljø.*



*Steingard, 49.9. Gardsmiljø.*

## Hovstad

På Hovstad var det fram til cirka 1880 klyngjetun på bruk nr. 1, der alle bruka hadde husa sine. Etter kvart vart husa flytta til kvart sitt bruk. Det var tømrahus som vart plukka ned og sett opp att på bruket dei høyrde til. Det er funne fleire oldfunn på Hogste, mellom anna på Tytehaugen, aust for bruk nr. 8. Der er det funne restar av ein steinsett ring, som kan vera restar etter hovet.

Frå utmarka på Hovstad kunne ein følgja ein snarveg til Koløyo. Denne gjekk over "Kuskar". Det gjekk også ein sti (busti som tyder krøterveg) frå Helland til Koløyo.



Våningshus, 50.4. Gardsmiljø.



Skytje, 50.4. Gardsmiljø.



Stølshus, 50.4. Gardsmiljø.



Naust, 50.4. Gardsmiljø.

## Tislavoll

Tislavoll grensar til Rydland i aust, Søre Stokkjen i i sør, Storavikjo i vest og Hovstad i nord. Garden er gammal, men yngre enn Hovstad. Namnet blir tolka på fleire måtar. Det kan vera etter elvenamnet Tisla, som då har vore namnet på bekkjen (som rann roleg med ein tislelyd) mellom Tislavoll og Hovstad. Det kan også henda at nemnet kjem av plantenamnet tistel. I 1519 vart namnet skrive Tislevoll.




*Våningshus, 51.4 Gardsmiljø.*



*Skytja, 51.4. Gardsmiljø.*

## OMRÅDE DÅFJORDEN



Område Dåfjorden består av gardar 53 Stokken sør, del av 50 Hovstad og del av Tislavoll.

Området som i dag vert omtala som Dåfjorden, utgjer den sørvestlege delen av kommunen og dekkjer landområdet mellom nordre Dåfjorden og Stokksundet. Ei anna nemning har vore Nordstokken, i motsetnad til Sørstokken, som er naboområdet i Stord.

Den austre delen hørde opphavelig til Tislavoll, og garden hadde ei seter her. Garden Stokken som opphavelig var eit husmannsplass under Tislavoll vart truleg skyldsett tidleg på 1600-talet og brukarane dukkar opp i kjeldene rundt 1650.



Den vestre delen var opphavleg husmannsplassar under garden Hovstad. Det eldste bruket er truleg Sælevik, der ein av kjeldene ser at det budde folk i andre halvdel av 1600-talet, men ifølge bygdeboka er det ting som tyder på at det kan ha budd folk her frå mellomalderen. Desse to eldste bruka har det til felles at dei har gode hamner. Begge stadene er det fortøyingsringar frå seglskutetida.

Bruka Skaret, Jordnåo, Skaraneset, Vinskjeviko og Skomyro busette mellom 1800 og 1850.

Næringsgrunnlaget var opphavleg jordbruk og fiske. I førre århundre var verftet i Dåfjorden ein viktig arbeidsplass. Her var det også postkontor og stoppestad for rutebåt.



Våningshus, 50.10. Gardsmiljø.



Eldhus, 50.10. Gardsmiljø



Sommarfjøs, 50.13. Murriljø.



Torvhusmur, 50.13. Murriljø.

## OMRÅDE NESBØ – RYDLAND



Område Nesbø – Rydland består av gardsnumra 54 Rydland, 55 Sæterbø, 56 Liarbø, 57 Årbø, 58 Tveita, 59 Vik og 60 Nesbø.

### Rydland

Garden Rydland ligg på vestsida av Stordøya, i søre delen av Fitjar kommune. Her har det truleg budd folk svært lenge. I Dalen, like ved Storavatnet, er det gjort funn av ei utbrend mannsgrav, steinøks, spyd m.m. Dei første skriftlege prova på at her har budd folk, har ein frå 1300-talet. Då er Rydland nemnt i samband med at noko av løna til presten vart dekkja av innkoma frå garden.

Frå midten på 1700-talet og vel 50 år utover var Rydland lensmanngard for Våg skipsreid. Det var Knut Rydland og son hans, Ola, som hadde vervet i desse åra. Etter desse 50 åra vart lensmannskontoret flytta til Nord-Fodno, men lensmannsvervet vart verande i same slekta i to generasjonar til.

På garden har det vore drive aktivt jordbuk heilt fram til i dag. I tillegg til jordbruksdrifta, har skogen hatt mykje å seia for næringsgrunnlaget på denne garden. Rydland er den garden i Fitjar som har dei største skogteigane. Tilgang til vassfall har òg gitt eigarane høve til å driva både sagbruk, kverner og kraftverk. På 1600-talet vart det teke ut tømmer og skore material for eksport til Skottland.



*Våningshus, 54.1. Gardsmiljø.*



*Stabbur, 54.1 Gardsmiljø.*



*Utedo, torvlager, 54.1. Gardsmiljø.*



*Grunnmur, kraftverk, 54.1. Gardsmiljø.*

## Sæterbø

Garden Sæterbø ligg heilt sør i Fitjar kommune, litt for seg sjølv, oppom nabogardane Liarbø og Rydland. Sæterbø er den einaste fjellgarden i Fitjar og ligg omlag 170 m.o.h. Frå garden har ein flott utsyn over Fitjarøyane og havet. Opphavleg var truleg garden ei sæter for gardane som ligg nede i bygda. Det kan sjå ut for at garden ein periode låg øyde på 1500-talet, men at den kom i drift att på slutten av århundret.



*Kjerrehus, 55.1. Gardsmiljø.*

Rundt tunet er det dyrka opp fine teigar med slåttemark og beite. Det er også planta ein god del skog på garden. Elles ligg det store areal med uproduktiv fjellmark til eigedommen. Sæterbø har ikkje vorte delt opp i fleire bruk. Ein periode på 1960-talet dreiv eigaren sundagskafé i stovehuset på garden.



*Våningshus, 55.1. Gardsmiljø.*



*Stabbur, 55.1. Gardsmiljø.*

## Liarbø

Liarbø ligg på vestsida av Stordøya, sør i Fitjar kommune. Den er nabogard til Rydland og Sæterbø. Garden ligg for seg sjølv oppe i lia, før ein kjem til fjells.

Det er ikkje gjort funn på garden som tyder på at her har vore busetnad før etter seinmellomalderen.

Truleg har den vorte rydja av gardsfolka på gardane som ligg vestafor. Frå slutten av 1500-talet finn ein kjelder som fortel at det vart betalt skatt frå garden.

Garden har ikkje vorte delt opp i fleire bruk. Arealgrunnlaget har nok sett avgrensingar for slikt. Difor er det berre eitt tun på garden, og dette har gjennom fleire generasjonar vore bustad for ein familie. Til garden høyrer det fleire bygningar frå 1700- og 1800-talet, som er godt tekne vare på.



Våningshus, 56.1. Gardsmiljø.



Vedhus, 56.1. Gardsmiljø.



Arbeidshus, 56.1. Gardsmiljø.



Løe, 56.1. Gardsmiljø.



Stølshus, 56.1. Gardsmiljø.



Røykjehus, 56.1. Gardsmiljø.



*Høsehus, 56.1. Gardsmiljø.*



*Stabbur, 56.1. Gardsmiljø.*

## **Årbø**

Årbø ligg på austsida av Storavatnet, og oppover mot Stordafjella. I sør er Rydland og Liarbø grannegardar og i nord ligg Tveita. Det er ikkje gjort fornfunn som garden kan tidfestast etter. I 1723 hadde garden ikkje husmannsplass.



*Stølshus, 57.4. Enkeltojekt.*



*Rotveksthus. 57.20 Enkeltojekt*




*Kårhus, 57.24. Enkeltojekt.*



*Støttemur. 57.20 Enkeltojekt*

## Tveita

Tveita er ikkje svært gammal, truleg eldre enn grannegarden Årbø, men yngre enn Vik, som den truleg er opprydja frå. I 1723 garden hadde ikkje husmannsplass, men den hadde ei lita kvern til eige bruk.



Løe, 58.1. Gardsmiljø.



Våningshus, 58.1. Gardsmiljø.



Eldhus, 58.3. Gardsmiljø



Våningshus, 58.3. Gardsmiljø.



Våningshus, uthus og løe, 58.6. Gardsmiljø.

## Vik

Garden er truleg av dei eldste i Fitjar. Her er mange forntid. Det er funne tre mannsgraver med rikhaldig gravgods, mellom anna ein torshammar i sølv. Elles er funne ei dvergøks frå yngre jernalder, smelta bronse, og ein celt frå eldre jernalder. Elles er funne flintskrape, flint, slipt skifer, steinhakke og skaftholhakke. I 1723 hadde garden korkje husmannsplass, skog eller kvern, men ei seter. I nyare tid vart fire husmannsplassar rydja.



*Gardsmiljø.*




*Gardsmiljø.*



*Gardsmiljø.*



## OMRÅDE VESTBØSTAD - KALVEID



Inneheld gardane Vestbøstad 61 og Kalveid 62.

Det har budd folk på Vestbøstad frå eldgamle tider, og det er funne restar etter busetnad like frå steinalderen (omlag 6000 f.Kr.). Det er funne gravhaugar, økser, pilspissar og helleristingar på garden.

Lysekloster i Os eigde jorda på Vestbøstad frå omlag år 1200. Garden vart løyst av brukarane i 1874. Vestbøstad var rik på naturressursar, god jordsmon, fisk i Kjærelva og Storavatnet, fisk i sjøen mellom holmar og skjær og heilt ut i havet.

Vestbøstad eig og har beiterett i Fitjar fjellsameige, har seterstøl med skogpart i Steindalen.

Vestbøstad var frå 1500 til 1655 berre to bruk. I 1655 vart garden delt i fire bruk som var like store. I 1715 vart garden delt i seks bruk. Ca 1800-1830 vart gardane delte slik at det vart tilsaman elleve gardsbruk. Til Vestbøstad hørde Brendaholmen og Storliholmen i Hellandsfjorden, nedste og øvste Vanholmen i Storavatnet og Litle Eldøyo vest av Kråko. Storavatnet er om lag 3 km<sup>2</sup> med eit nedslagsfelt på 48 km<sup>2</sup>. Vassrettane til dette vassdraget vart frå cirka 1800 tillagt Vestbøstad. Fiskerett i halve Kjærelva hørde også til garden. I 1980 vart det starta produksjon av lakseyngel i dette området med rik tilgang av vatn frå Storavatnet.

Nord aust av garden ligg ein stor fjellknaus som heiter Valberget. Den vernar mot nordavinden og er dekkja av bjørk.

## Vestbøstad



*Våningshus, 61.6. Gardsmiljø.*



*Løe, 61.6. Gardsmiljø.*




*Kårhus, 61.6. Gardsmiljø.*



*Naust, 61.6. Gardsmiljø.*

## OMRÅDE SENTRUM



Område sentrum består av gardsnummer 67 Havn, 66 Vodl, 65 Fitjar, 64 Skålavikjo og 63 Prestbø.

Ei stor mengde gravfunn frå Rimbareid, Prestbø, Skålavikjo og Fitjar indikerer stor aktivitet i området i førhistorisk tid. Også restar etter bygningar og andre funn frå sjø, åker og eng vitnar om det same. Bronsealderrøysa Rimsvarden er godt synleg. Herifrå er det vidt utsyn over Fitjar-bygda.

Fitjargarden vart tidleg eit maktsentrum på Vestlandet frå før vikingtida. Minnet om stordomstida i vikingtida hang ved garden, men bleikna utover i mellomalderen. Kongen selde garden i 1665, og garden vart adeleg setegard fram til 1761, då den vart bondegods.

### Rimbareid

Garden er svært gammal. Her er mange fornfunn som fortel om gammal busetnad og velstand. Ei stor gravrøys ligg på Rimsvarden. I grava vart det mellom anna funne eit bronsesverd, som no er på Bergen Museum. I ei røys nedanfor Rimsvarden er det funne to spyd som låg i kors. Elles er det i gravrøysene funne leirkrukker, glasperler, beinterningar, spelbrikker, beinkammar, bjørneklør, sverd, spyd og fiskesteinar.



Våningshus, 62.1. Enkeltobjekt.



Våningshus, 62.2. Enkeltobjekt.

### **Prestbø.**

Garden er ikkje svært gammal. Den er truleg opprydja under Fitjar. Tre steinøkser, ein flintdolk og ein flintodd er funne på garden. Ein har grunn til å tru at Prestbø ikkje har vore prestegard, men at hovdingane som budde på Fitjar hadde si eiga kyrkja på garden og eigen prest som dei løna sjølv.



Dalebua, 63.20. Sentrumsmiljø.



Våningshus/gjestgjevarstad, 63.20. Sentrumsmiljø.



Bakeri 63.20 Sentrumsmiljø



Naust 63.20 Sentrumsmiljø

## Fitjar

Fitjargarden er den sentrale garden i Fitjar. Etter den har kommunen fått namn. Garden er utan tvil den eldste i Fitjar. Her er gjort mange fornfunn. Her ligg også sju gravhaugar og ei gammal kjelde, «Håkonarbrunnen». Elles har ein funne gravgods både frå manns- og kvinnegraver, og ein del steinalderreidskap.



*Våningshus 65.141, Gardsmiljø.*



*Eldhus. 65.141 Gardsmiljø*



*Eldhus. 65.165 Gardsmiljø*



*Vedhus 65.165 Gardsmiljø*

## OMRÅDE BREIVIKJO - ÅRSKOG



Område Årskog og Breivikjo består av gnr. 69 Årskog og gnr 68 Breivikjo.

## Årskog

Årskog ligg nord for Fitjar sentrum mellom Handfjellet og Fitjarvik. Garden vart rydda under kongsgarden, men det er ikkje gjort forfunn på staden. Sjølv om jorda var god og ein dyrka både både korn og poteter, var fiske ein viktig del av næringa på garden. I dag er gnr. 69.3 museumstun.



*Stabbur, 69.3 Gardsmiljø museum.*



*Naust, 69.3 Gardsmiljø museum.*




*Våningshus, 69.3 Gardsmiljø museum.*



*Løe, 69.3 Gardsmiljø museum.*

## OMRÅDE OSTERNESET



Område Osterneset består av gardsnr. 70 Landa, 71 Gloppo, 72 Lillenes, 73 Skumsnes, 74 Tufteland litle, 75 Tufteland store , 76 Tveit ,77 Stokken nordre og 78 Sandvikjo.

I Osterneset har det budd folk heilt sidan bronsealderen og kanskje endå lenger. Det er funne graver og reiskaper som tyder på det. Enkelte gardsnamn tyder også på at det har budd folk i Osterneset i lange tider. Då kristendomen kom til Vestlandet og det vart bygd kloster, vart nokre av gardane lagde inn under Lysekloster og andre under Halsnøy kloster. På 1500-talet vart dei same gardane leiglendingar. På nokre av gardane var det også husmenn. Dei dreiv nyrydning og



dyrka jorda og hadde dyr. Dei bygde seg kvernhus, både på Landa og Gloppo. På 1800- og 1900-talet vart det på grunn av lite skog og ved til å fyra med, også spadd torv til brensel både på Hondstryggen og Gunnarslåtto. Bøndene livnærte seg også av fiske. Det fanst kastevågar, der bøndene kasta med landnot. Det var bønder frå dei fleste gardane i Osterneset som slo seg saman i to båtar, "Lykkensprøven" og "Forsøket".

Godt bevarte naust og sjøbuer som er fleire hundre år gamle, har me i Gloppevågen, Tuftalandsvågen/Øyorsvågen, Nesevågen/Skumsnes, Tveitevågen, Sandvikvikjo og ved Levågsjøen.

På Landa er det tufter etter klyngetun som det budde folk på fram til ca. 1860. Då vart husa flytta til tun slik me ser dei i dag. Det var på same måten også på andre gardar, som til dømes Skumsnes, Tuftaland og Gloppo.

## Landa

Garden er truleg ein av dei eldste på denne kanten av bygda. Her ligg to gravrøysar.



Våningshus, 70.4 Gardsmiljø.



Eldhus. 70.4 Gardsmiljø



Løe 70.4 Gardsmiljø



Eldhus 70.4 Gardsmiljø



Utedo 70.4 Gardsmiljø

## Skumsnes

Garden er truleg den eldste i området. Det ligg fleire gravrøyser på garden. Garden hadde ikkje anna næring enn avlinga.



Våningshus, eldhus og skytje, 73.4 Gardsmiljø.



Naust 73.1 Enkeltojekt

## Tufteland Litle

Garden er truleg opprydja under Tufteland store. Garden hadde ikkje anna næring enn avlinga.



*Våningshus, 74.2 Gardsmiljø.*



*Løe, 74.2 Gardsmiljø.*



*Båtstø, 74.2 Gardsmiljø.*



*Naust, 74.2 Gardsmiljø.*

## Tufteland Store

Garden er truleg opprydja i mellomalderen. Det er ikkje funne fornminne der. Garden hadde ikkje anna næring enn avlinga.



*Løe, 75.1 Gardsmiljø*



*Mur 75.1 Gardsmiljø*




*Eldhus 75.1 Gardsmiljø*



*Steingard 75.1 Gardsmiljø*

## OMRÅDE STRANDO



Området Strando består av gardsnr 79 Levåg nedre, 80 Levåg øvre, 81 Engevik nordre, 82 Engevik midtre, 83 Engevik søre, 84 Hovland, 85 Vistvik, 86 Hageberg, 87 Raunholm Nordre, 88 Raunholm Søre og 89 Eide.

Sverresoga nemner at ein baglarflokk gjekk i land i Vistvikjo og gjekk over fjellet for å spionere på birkebeinarane som låg i Eldøysundet. Året var 1207 og det var det borgarkrig i landet. Vegen over fjellet har nok vore mykje brukt og vert kalla Kyrkjevegen. Den går frå garden Hovland via Kyrkjevatnet, over Fitjarstølane og til Fitjarbygda. Elles var vegen stort sett sjøen. Strandafolket rodde og segla for her var ikkje ein gong kjerreveg, berre ein gangsti mellom gardane.

Gardane her er små og brattlendte. Mannfolka måtte her, som i dei fleste andre grender, ut i løna arbeid. Det kunne vere sjøfart, fiske, anleggsarbeid, båt- og husbygging. Det siste viser igjen i firmaet Engevik og Tislevoll, som dels har sine røtter her.

Det var eit stor framsteg i 1938, då det vart laga kai og handel ved Hovlandsjøen, og «Dampen» kom og gjekk med varer, folk og fe.

Endå større revolusjon var det då veganlegget Agdestein – Levåg kunne opnast i 1965, etter ein anleggsperiode på over 20 år. Med dei som gledde seg over at

nyvegen vart lagd så nær trappa som mogleg, kunne ikkje tenkja seg utviklinga til dagens E39 der tungtrafikken i dag dundrar gjennom tunet.

På Eide fanst det både bensinstasjon og bilverkstad ei tid.

Ein del nye hus er komne til på gardane, men det er mest slutt på tradisjonell gardsdrift.

### **Levåg Nedre**

Garden er ikkje gammal, og det er ikkje funne fornminne her. Ein husmannsplass låg under garden. Garden hadde litt skog og ei kvern.

Færøysund



*Våningshus.*



*Krambu.*



*Sjøbu.*



*Kårhus.*

## Levåg Øvre

Truleg vart Levåg delt i to bruk i sein mellomalder. Det er ikkje gjort forfunn her. Garden hadde berre avlinga som næring.



*Våningshus.*



*Naust.*

## Engevik Nordre

Garden er gamal. Det ligg to gravhaugar der. Garden var del av ein stor gard som seinare vart delt i tre. Garden hadde ikkje anna næring enn avlinga



*Naust, 81.1. Gardsmiljø.*



*Husmannsplass, 81.1. Gardsmiljø.*



*Våningshus, 81.1. Gardsmiljø.*



*Løemur, 81.1. Gardsmiljø.*

## Engevik Søre

Garden er skild ut frå Engevik nordre. Det er ikkje gjort fornfunn her. Garden er ikkje nemnd i kjeldene før 1590.

Det var ikkje gjort fornfunn til å tidfeste garden med. Garden hadde ikkje husmannsplass, heller ikkje skog eller sæter. Det fanst ei kvern til eige bruk.



*Løe 84.1 Gardsmiljø*



*Utedo, 84.1. Gardsmiljø.*



*Fjøsмур, 84.1. Gardsmiljø.*



*Notbumur, 84.1. Gardsmiljø.*



*Veite 84.1 gardsmiljø*





*Våningshus ,84.1. Gardsmiljø.*



*Naust 84.1 Gardsmiljø*

### **Vistvik**

Garden har fått namn etter vika den ligg ved. Vikja er djup og er god hamn, der skip kunne liggja og venta på bør. På garden var det to små kvernar til eige bruk. Jorda var god til kornval og lettbrukt.



*Våningshus, 85.1 Gardsmiljø.*



*Løe 85.1 Gardsmiljø*

## Hageberg

Garden er ikkje gamal, det er ikkje gjort forntun i området. Første leddet i gardsnamnet er hage, utmark, beite samansett med berg. Terrenget er brattlendt og har truleg vore brukt til hamnehage før den vart rydja.

## Raunholm Nordre

Garden er ikkje gammal. Her er ikkje gjort forntun som garden kan tidfestast etter.





*Steinbru.*

### **Raunholm Søre**

I 1723 var det korkje husmannsplass, skog, seter eller kvern til garden. Jorda var tåleg bra til korn- og høydyrking og bra lettbrukt. Garden hadde ikkje annan næring enn avlinga.



*Husmannsplass.*



*88.1, Mur, Larsaklubben. Murmiljø.*

## Eide

Garden har fått namn etter eidet som skil Eideklubben, eit lite nes som stikk ut i Langenuen, frå fastlandet. Det er ikkje gjort funn av fornminne på Eide.

Eide låg øyde i siste delen av mellomalderen og utover. I 1723 fanst det korkje husmannsplass eller sæter der, men det var nok skog til brennefang og ei lita kvern til eige bruk. Jorda var god til korn – og høydyrkingl, men var svært tungbrukt. Garden hadde ikkje anna næring enn avlinga.



*Kai, 89.1. Gardsmiljø.*



*Våningshus, 89.1. Gardsmiljø.*



*Husmur, 89.1. Gardsmiljø.*



*Mur, 89.1. Gardsmiljø.*



*Enkeltmiljø, 85.11. Murmiljø.*



*Husmannsplass, 85.11. Murmiljø.*



*Hageplass, 85.11. Murmiljø.*

## 5 ANDRE KULTURMINNE




61.8 Kolerakyrkegården.



65.3 Kongsbrunnen.



50.10, Dåfjorden. Løypestrengfeste.



Ankerplass.

### Misjonsåkeren

Misjonsåkeren var rydda og broten ved århundreskiftet 1900. Folket i Osterneset dyrka poteter og inntekta gjekk uavkorta til misjonen. Det meste av potetsalet gjekk føre seg i Bergen og inntekta vart delt mellom dei ulike misjonsforeiningane i Osterneset. I seinare tid er åkeren rydda og merka for publikum.



## Offentlege bygg og forsamlingshus

I Fitjar er det fire offentlege bygg og forsamlingshus som er vert definerte som kulturminne. Fitjar tinghus bygd i 1965. Bygget har vore uforandra på fasaden sidan det vart sett opp. Det spelar ein viktig rolle i Fitjarsamfunnet og vert difor teke med som kulturminne. Fitjar ungdomshus, bygd i 1952, fungerte som bygda sitt kulturhus i mange år. Fitjar kultur- og idrettsbygg, opna i 2001, viderefører kulturlivet si historie i Fitjar. Fitjar Losjehus har ei rik historie, det vart flytta frå Hegraneset der det var ein del av hermetikkfabrikken, til den staden det står i dag. Det har i mellomtida vore mellom anna tilhalde for tyske soldatar, skule, losjehus og øvingslokale for Fitjar musikklag.



Fitjartun ungdomshus.



Fitjar losjehus.



Fitjar rådhus.

## 6 GENERELL INFORMASJON

### Aktørar og mynde

**Miljøverndepartementet** er formelt ansvarleg for det nasjonale kulturminnevernet.

**Riksantikvaren** er direktorat for kulturminneforvaltning og ansvarleg for gjennomføring av statleg kulturminnepolitikk.

**Hordaland Fylkeskommune** forvaltar kulturminnevernet på regionalt nivå. Kan gjera vedtak om freding.

**Fitjar kommune** har ansvar for reguleringsplanar, arealplanlegging og at kulturarv vert gitt merksemd i kommunale planprosessar og den enkelte byggesak. Kan gjera vedtak om vern gjennom reguleringsplanar. Kommunen har også ansvar som eigar av samlingar og anlegg.

**Bergen Museum** har ansvar for fornminne og før-reformatoriske gjenstandar.

**Bergen Sjøfartsmuseum** ansvar for kulturminne under vatn.

**Sunnhordland museum** har i samråd med Fitjar kommune ansvaret for i varetaking av Årskog museum.

### **Ulike typar vern:**

Vern etter plan- og bygningsloven (pbl)

Plan- og bygningsloven er hovudverkemidla for å avklare arealbruksinteresser i samband med automatisk freda kulturminne, vern av kulturminne- og kulturmiljø av lokal, regional og nasjonal verdi. Kulturminne, kulturmiljø og landskap kan sikrast i kommuneplan og reguleringsplan ved regulering i omsynssoner.

### **Kommuneplan**

- Omsynssoner med føresegner eller retningsliner, jf. pbl. § 11-8
- Føresegner til arealformål, jf. pbl. §§ 11-10 og 11-11.
- Generelle føresegner, jf. § 11- 9, se kap. 6.9

### **Reguleringsplan**

- Arealformål LNFR med underformål vern av kulturminner og kulturmiljø, jf. pbl. § 12-5.5
- Hensynssoner med bestemmelser, jf pbl. § 12-6
- Bestemmelser til arealformål, jf. pbl. § 12-7

Det er då knytt retningsliner og føresegner til utvalde områder og/eller kulturminner, eller generelle føresegner i kommuneplanen for definerte grupper, til dømes alle SEFRAK-bygningar.

Tiltak som vil råke kulturminne, kulturmiljø og landskap som er underlagt eit formelt vern, jamfør førnemnde, kan være søknadspliktige og må avklarast med kommunen eller rette kulturminneorgan.

### **Verneverdige kulturminne**

Sjølv om eit kulturminne eller kulturmiljø ikkje er freda eller regulert til vern gjennom plan- og bygningsloven, kan det være verneverdig. Det er difor viktig at kommunen (og eventuelt fylkeskommunen) vurderer verneverdien til desse kulturminna i samband med plan- og byggesaker (sjå òg under om SEFRAK og bygningar eldre enn 1850). Det er ikkje alltid så lett å vite kva som er verneverdig. Bygningar frå 1950-tallet, eller nyare, kan også være verneverdige.

Verneverdige kulturminne og kulturmiljø kan verta gitt eit formelt vern, enten gjennom freding etter kulturminneloven eller vern gjennom plan- og bygningsloven. Men like viktig er det at den enkelte eigar er merksame på og verdset dei kulturhistoriske og arkitektoniske verdiane som dei verneverdige kulturminna og kulturmiljøa har.



## **Juridiske verkemiddel**

### ***Kulturminnelova***

Kulturminnelova har som føremål å verne og ta vare på kulturminne. Lova inneheld føresegner om vern av faste og lause fornminne frå oldtid og mellomalder, samiske kulturminne eldre enn 100 år og kulturminne frå nyare tid. Alle kulturminne frå før reformasjonen (1537), er automatisk freda. Frå § 3 har vi: " -Ingen må sette i gang tiltak som er egnet til å skade, ødelegge, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annan måte utilbørlig skjemme fredet fast fornminne eller fremkalle fare for at dette kan skje.»

Ved planlegging av større tiltak har det ansvarlege forvaltningsorganet plikt til å undersøka eller melda frå til ansvarlege antikvariske styresmakter for å få undersøkt om tiltaket vil påverka kulturminnet. Det er utbyggjaren som i utgangspunktet skal dekkja kostnadane ved slike undersøkingar.

§ 15 opnar for freding av nyare kulturminne som har arkitektonisk eller kulturhistorisk verdi. Dette fredingsvedtaket gjeld bygningar og anlegg, men også gamle ferdsleveggar, bruer, vegmerke, brygger og andre tekniske kulturminne.

§ 21 opnar for freding av området rundt eit automatisk freda kulturminne eller eit nyare kulturminne. Dette er gjort for at ein kan leggja restriksjonar på bygging og bruk i områda attmed kulturminnet.

### ***Plan- og bygningslova (PBL)***

Plan og bygningslova pålegg kommunane å drive oversiktsplanlegging gjennom utarbeiding av kommuneplan med arealdel. Her kan ein visa område som er spesielt interessant i kulturminnesamheng ved å bandleggja område etter § 20-4, pkt.4. Dette føreset at ein i løpet av fire år utarbeidar planar for vidare oppfølging, reguleringsplan eller ved å bruke andre lover (sjå under). Gjennom plan- og bygningslova skal kommunen òg driva fysisk detaljplanlegging og handsama byggesaker.

Paragraf 25.6 gir kommunane høve til å regulera til spesialområde for bevaring. Dette gjeld for område som inneheld "bygningar og anlegg som på grunn av historisk, antikvarisk eller annan kulturell verdi skal bevarast". Dette kan omfatta alt frå større tettbygde område eller kulturlandskap og ned til ein enkelt bygning. Plan- og bygningslova gir òg føresegner om handsaming av byggjesaker. Mellom anna er kommunen pålagt etter § 92 (verneregelen) å " se til at historisk, arkitektonisk eller kulturell verdi som knytter seg til en bygnings ytre, så vel mulig blir bevart".

Etter § 81 skal oppføring av nye driftsbygningar i landbruket og endring av eksisterande driftsbygningar meldast til kommunen.

§ 79 omhandlar uvanleg bygging, og bygningsrådet kan "forby bebyggelse som etter sin art eller størrelse avviker vesentlig fra det som er vanlig i strøket,.."

For fleire av dei paragrafane som er nemnt her kan kommunen utarbeide vedtekter som skjerpar eller lempar, gir tillegg eller unnatak av dei føresegnene som er gitt i lova.

### **Naturvernlova**

Naturvernlova har berre ein paragraf som er relevant for kulturminnevernet. Men dette er òg det viktigaste hjelpemidlet om ein vil verne eit kulturlandskap. I § 5 står det: "For å bevare egenart eller vakker natur - eller kulturlandskap kan arealer legges ut som landskapsvernområder."

I naturvernlova er særmerkte kulturlandskap definert som: "*natureng, havnehager, setervoller og annet gammelt jordbrukslandskap og landskap rikt på fornminner. Men det kan også omfatte kulturlandskap som er i bruk og har bebyggelse. Forutsetningen er at det hele faller naturlig inn i det landskapet en vil ta vare på. Kulturlandskapet og landskapet omkring må sammen legges ut til landskapsvernområde.*"

## 7 OVERSIKT OVER KULTURMINNE MED KLASSIFISERING

### **KULTURELL VERDIVURDERING AV KULTURMINNE KATEGORI A-D**

#### **A: Svært høg verneverdi/eventuelt omsynssone**

**Definisjon:** Automatisk freda fornminne. Alle andre objekt i kategori A er forslag til omsynssone. Omsynssoner skal berre lagast i samråd med grunneigarar. Kategori A er kulturminnemiljø og einskildobjekt med særleg høg verneverdi. Høg alder, autentisitet, eigenverdi eller miljøverdi er lagt til grunn for verdivurderinga.

**Forvaltning:** Hovudprinsippet for vedlikehald av bygningar og andre kulturminne i verneklasse A er å ta vare på dei opphavlege eller gamle elementa og detaljane, og å skifte ut så lite som mogleg. Ved på-/ombygging eller andre endringar i miljøet/einskildobjektet, skal ein kontakta kommunen og nytta fagkompetanse til rettleiing.

#### **B: Høg verneverdi**

**Definisjon:** Kulturminnemiljø eller einskildobjekt med høg lokal verneverdi. Kulturminna har stor samfunnsverdi og er ein verdifull del av omgivnadane. Objekt med stor kulturell verdi, men med små endringar, som til dømes vindaug eller andre detaljar på fasaden.

**Forvaltning:** Tilsvarande det som i dag er merka med raud trekant. (Skal sendast til Fylkeskonservatoren for uttale. Hovudprinsippet for vedlikehald er som for verneklasse A.

### **C: Kulturminne med lokal verdi**

**Definisjon:** Kulturmiljø eller einskildobjekt kan bli vurdert å tilhøyra verneklasse C fordi det originale miljøet eller kulturminne er mykje endra, det er få originale detaljar att, eller det er i dårleg stand. Dersom det er svært mange liknande kulturminne skal ein definere dei som er i dårlegast forfatning i kategorien C.

**Forvaltning:** Kulturminne i klasse C skal vurderast lokalt i kvart einskild tilfelle. Sjølv om miljøet som heilskap har klasse C, kan einskilde objekt ha høgare verneverdi.

### **D: Låg/ingen verneverdi**

**Definisjon:** Kulturminne som er langt frå opphavleg samanheng eller det er så lite att av dei, at dei ikkje har verneverdi som kulturminne. Døme: SEFRAK-registrerte bygningar som er så ombygde og moderniserte at ein ikkje kan sjå att det opphavlege bygget.

**Forvaltning:** Desse blir handterte etter plan- og bygningslova på linje med andre bygg. For bygningar frå før 1850 vil ein likevel måtta senda saka på høyring til Fylkeskommunen, men med lokal tilråding.

## **REGISTRERINGAR**

Registreringane ligg ved rapporten.

## **VEDLEGG**

### **Vedlegg 1**

#### **SAKSHANDSAMINGSRUTINER NÅR SAKA RÅKAR PRIORITERT KULTURMINNE**

Planen tek sikte på å femne alle kulturminna i Fitjar kommune.

Det vil likevel alltid vera fare for at det finst kulturminne som ikkje er registrerte. Det at registreringane i planen ikkje er uttømande, må det takast høgde for i sakshandsaminga.

Dersom ei sak gjeld kulturminne som ikkje er registrert, skal ein skipa tverrfagleg dialogmøte med plan- og byggesak, landbruk og kultur, for å verdivurdera kulturminnet. Det skal òg skipast slike dialogmøte når det gjeld kulturminne som i kulturminneplanen er verdisett som A og B. I kategorien C skal ein ha dialogmøte ved tvilstilfelle, då desse kulturminna kan ha lokal verdi.

## **Rutiner for uttale frå ulike instansar ved saker som omhandlar kulturminne:**

### **Saker som skal sendast direkte til Riksantikvaren:**

- Automatisk freda og arkeologiske og marinarkeologiske kulturminne
- Freda og listeførte, samt andre byggverk, anlegg og område av nasjonal/ regional verdi. Til dømes Fitjar kyrkje som er listeført.
- Kyrkegard og kyrkja sine omgjevnader.
- Kulturvernområde og kulturlandskap
- Arealplanar, dispensasjonar og konsekvensutgreiingar

### **Saker som skal sendast til fylkeskommunen:**

I samsvar med kulturminnelova (kml), plan- og bygningslova (pbl), statlege forskrifter, rundskriv og regionale føringar, skal følgjande saker sendast til fylkeskommunen som regional kulturminnemynde:

Automatisk freda arkeologiske og marinarkeologiske kulturminne

- Tiltak og inngrep i sjø og vassdrag må avklarast i høve til kulturminne i og under vatn.
- Byggesaker og andre tiltak i nærføring med automatisk freda kulturminne og deira sikringssoner (kml § 4).
- Byggesaker og andre tiltak i kategori A og B i kulturminneplanen.
- Saker som vedkjem registrering av automatisk freda kulturminne. '
- Saker som omhandlar skjøtsel og tilrettelegging av automatisk freda kulturminne.

### **Freda og listeførte bygg og anlegg, og område av nasjonal/regional verdi:**

- Tiltak på vedtaksfreda kulturminne og kulturmiljø (kml §§ 15, 19, 20).
- Tiltak på forskriftsfreda byggverk og anlegg (kml § 22 a) som ikkje lenger er i Statens eige. Tiltak på forskriftsfreda kulturminne i Staten si eige handsamast av Riksantikvaren.
- Søknad og vedtak om riving eller vesentleg endring av ikkje freda byggverk eller anlegg oppført før 1850 (kml § 25 Meldeplikt for offentlige organ).
- Tiltak på Staten sine listeførte bygningar. I Fitjar gjeld dette Fitjar kyrkje.
- Tiltak på andre kulturminne i Staten si eige handsamast av Riksantikvaren. I Fitjar gjeld dette bygningsmassen på Smedholmen.
- Tiltak innafor område av nasjonal og/eller regional verdi som er regulert til spesialområde vern eller omsynssone i samsvar med pbl (§ 25.6. i gamal lov og § 12-6 i ny lov), medrekna tiltak på eksisterande byggverk og anlegg av nasjonal/ regional verdi, samt søknadar og meldingar om nye bygg og andre tiltak innafor området.

### **Kyrkegardar og omgjevnader rundt kyrkja**

- Arealplanar og tiltak knytt til kyrkjestader/kyrkegardar frå mellomalderen skal stilast til Riksantikvaren, men sendast til fylkeskommunen (rundskriv T-3/2000).

- Arealplanar og tiltak knytt til kyrkjegardar og gravminne (rundskriv T-3/2000).
- Arealplanar og tiltak i omgjevnadane til kyrkja (rundskriv T-3/2000).
- Tiltak på listeførte kyrkjer bygd etter 1850 (rundskriv T-3/2000).
- Tiltak på ein kvar bygning nærare enn 60 m frå listeførte kyrkjer oppført etter 1850, som ligg i spreidd busetnadsområde.

Sjå [www.kirkesok.no](http://www.kirkesok.no) og <https://askeladden.ra.no>

### **Kulturmiljø og landskap**

- Søknader og meldingar om større tiltak innfor kulturmiljø og kulturlandskap som er vurdert å vera av nasjonal og/eller regional verdi.
- Arealplanar og tiltak innfor landskapsvernområde og naturreservat.

### **Saker som bør sendast til fylkeskommunen**

- Tiltak på bygg og anlegg av lokal verdi som er regulert til spesialområde bevaring eller omsynssone i samsvar med pbl (§ 25.6. i gamal lov og § 12-6 i ny lov). Kommunen må sjølv gjera sine vurderingar om saka skal sendast vidare.
- Ved hogst i område der det er kjente kulturminne i eller i nærleiken, bør fylkeskommunen varslast .

### **Saker som skal sendast til uttale til landbrukskontor**

- Alle saker som vedkjem på- og ombygging eller endring/ fjerning av kulturminne i landbruket.

### **Saker som skal sendast til kulturkontor.**

- Alle saker som vedkjem på- eller ombygging eller endring/ fjerning av kulturminne i Fitjar kommune (inkludert dei i landbruket).

## **VEDLEGG 2**

### **Definisjonar av omgrep**

#### **Bygningsmiljø**

Med bygningsmiljø legg ein til grunn gardstun med minimum to bygningar, der minst ein av dei har ein hovudfunksjon på garden, til dømes våningshus eller løe som står ilag med anna hus med tilleggsfunksjon som til dømes eldhus, uthus og liknande. I eit miljø kan bygningar få høg status i kraft av å vera ein del av eit heilskapleg miljø sjølv om den ville hatt lågare status åleine.

#### **Kulturminne**

Kulturminne er alle spor etter menneskeleg liv og virke i det fysiske miljøet. Omgrepet omfattar også stader det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til.

#### **Matrielle og immatrielle kulturminne**

Kulturminne vert definert i to hovudkategoriar, som materielle eller immaterielle. De immaterielle kulturminna er dei som lever vidare som kulturytringar i skriftlig form, eller som eventyr og historier, song og dans. Dei matrielle kulturminna kan ein ta og føle på. Dei vert igjen kategorisert i fast og lause kulturminne.

#### **Faste og lause kulturminne**

Faste kulturminne er jord- eller stadfaste, til dømes bygningar, buplassar, gravhaugar, kokegroper, stolpehol o.sb. Arkeologiske funn inngår som delar av eit fast kulturminne så lenge dei ligg i jorda eller under vatn.

Lause kulturminne er gjenstandar som er lausrivne frå ein fast kontekst. Til dømes gjenstandar som er tekne opp or jorda ved ei arkeologisk utgraving.

## **SEFRAK**

Sekretariatet For Registrering Av faste Kulturminne i Noreg  
Nemninga vert brukt om bygningar som vart registrert i regi av SEFRAK (Sekretariatet for registrering av faste kulturminne) i åra 1975-1995. Det einaste kriteriet for registrering, var alder på bygningen. Registreringane i Fitjar vart gjort av studentar på 1970- talet og omfattar i prinsippet alle bygningar som er bygde før 1920 og ein del frå 1920-1940. Registeret er likevel ikkje utømeleg, då ein under registreringsarbeidet til kulturminneplanen oppdaga at SEFRAK-registreringane er av svært varierende kvalitet. Desse er tekne med i planen i den grad det er vorte oppdaga.

#### **Freding etter kulturminneloven**

Kulturminnelova inneheld dei sterkaste verkemidla ein har i arbeidet med kulturminnevern, der målet er å sikra varig vern av eit representativt utval av

kulturminne og kulturmiljø. Desse kulturminna er freda direkte etter lov, utan særskilte vedtak.

### **Automatisk freda kulturminne:**

Kulturminnelova inneheld dei sterkaste verkemidla ein har i arbeidet med kulturminnevern, der målet er å sikra varig vern av eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljø.

Automatisk freda kulturminne er freda direkte etter kulturminnelova, utan særskilte vedtak. Kulturminne som er automatisk freda er alle faste kulturminne frå før 1537, samiske faste kulturminne eldre enn 100 år, ståande byggverk med erklært opphav frå perioden 1537-1649 og faste og lause kulturminne på Svalbard frå før 1946. Desse kulturminna har ei sikringsone på 5 meter som òg er freda, jamfør kulturminnelova § 6.

### **Mellombels freding**

Midlertidig freding av enkeltobjekt og område rundt dei kan vedtakast om eit kulturminne er truga, eller om ein vil evaluere kulturminnet med tanke på permanent freding. Eit vedtak om midlertidig freding kan opphevast dersom kulturminne ikkje lenger er truga og kulturminnemyndet ikkje vil følgja opp saka med permanent freding. Om kulturminnemyndet tek sikte på permanent freding, vil vedtaket om midlertidig freding verte ståande, til det vert fatta nytt vedtak om permanent freding. Midlertidige freda kulturminne blir forvalta etter kulturminnelova på same måte som vedtaksfreda kulturminne. Det vil seie at alle endringstiltak skal godkjennast av kulturminnemynde. Midlertidig freding kan bli vedteke med heimel i kulturminnelova § 22 nummer 4. Både enkeltobjekt og område rundt enkeltobjekt kan fredast mellombels etter denne vedtekta.

### **Vedtaksfreda kulturminne**

Nyare kulturminne, kulturmiljø og område rundt som stammar frå tida etter reformasjonen, til dømes bygningar, anlegg, bruer og så bortetter, kan fredast etter eigne vedtak, i samsvar med kulturminnelova §15 om byggverk og anlegg med meir.

Ein kan òg frede området rundt eit kulturminnet for å sikre det, jamfør kulturminnelova § 19 om område

### **Listeføring av kyrkjer:**

Kyrkjer som er bygde før 1650 er automatisk freda og nokre få er vedtaksfreda. Alle dei rundt 300 kyrkjene som er oppført mellom 1650 og 1850 vert sett på som verneverdige og listeførde. Ein rekkje kyrkjer som er bygde etter 1850 er òg listeførde. Fitjar kyrkje kjem inn under den siste kategorien.

Saker som vedkjem dei listeførde kyrkjene vert handsama av Riksantikvaren etter kulturminnelova, før det vert fatta vedtak av kyrkjeleg mynde etter kyrkelova. I praksis tyder det at dei listeførde kyrkjene vert handsama som om dei var freda.

Frå 1. mai 2013 vart ansvaret som kulturminnemyndefor listeførde kyrkjer i plan- og byggesaker overført frå Riksantikvaren til fylkeskommunane.

## **LOVER**

Følgjande lover er styrande for kulturminne:

LOV 1978-06-09 nr 50: Lov om kulturminner (kulturminnelova)

LOV 2007-06-29 nr 89: Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd (kulturlova)

LOV 2008-06-27 nr 71: Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningslova)

## **VEDLEGG 3**

### **Forslag til føresegner for omsynssone A**

#### **Føresegner til kommunedelplan for kulturminne i Fitjar 2015-2025 § 1 Generelle føresegner (pbl § 11-9 nr 6 og 7)**

- Ved utarbeiding av reguleringsplan skal omsynssonene leggest til grunn, anten som vidareføring eller innarbeiding i anna arealføremål som ivaretek objekta i omsynssona.
- Enkeltojekt med lågare gradering, som ligg i tilknytning til kulturminne som er i omsynssonene, skal vurderast ut frå verdien dei har for omgjevnadane.
- Graving, fylling eller planering som øydelegg steingardar, rydningsrøyser, bakkemurar, vegfar, steinsette bekkefar og liknande landskapselement er ikkje tillate. § 2

#### **Retningslinjer for kulturmiljø og andre kulturminne i omsynssone A (pbl § 11-8 c).**

##### **Bygningar**



- Nybygg, tilbygg, påbygg, fasadeendringar og andre mindre tiltak kan godkjennast om tiltaket ikkje negativt rårar staden sitt særpreg. Ved bruk av moderne materialbruk og stiluttrykk bør samsvare med tradisjonelle hovudformer.  
Saker som gjeld vesentleg endring av fasade eller bygning skal sendast regional kulturminnestyresmakt til uttale med kommunen si tilråding. Uttalen skal leggjast vekt på i den vidare handsaminga. Den skal normalt takast til følgje, så lenge ikkje lokale samfunnsinteresser kan verte råka.
- Eksisterande bygningar og byggverk vert ikkje tillate rivne. Tilbygg må underordne seg eksisterande bygning med omsyn til utforming og storleik.
- Opphavlege bygningsdelar skal i størst mogleg grad brukast om att ved ombygging, renovering, restaurering og vedlikehald. Ved slike endringar i kulturmiljøet, samt ved tilbygg og påbygg, skal ein kontakta kommunen og nytte fagkompetanse til rettleiing.
- Gjenreising av bygningar på gamle murar/ruinar kan skje som eit ledd i samla plan for tun og ved bruk av tradisjonell byggjeskikk. Kommunen kan av arealpolitiske omsyn eller omsyn til kulturlandskap eller kulturmiljø, nekta slik gjenreising.

### **Andre kulturminne**

- Andre kulturminne t. d. steingardar, veitar, rydningsrøyser og tilsvarande som er gradert i omsynssone A er ikkje tillate å fjerna/riva. Vedlikehald skal skje i samsvar med den opphavlege utforminga.